




Eigarskapskontroll | Vestland fylkeskommune Infrastruktur- og kollektivtransportselskap

September 2025

«Eigarskapskontroll av
infrastruktur- og
kollektivtransportselskap»

September 2025

Rapporten er utarbeidd for
Vestland fylkeskommune av
Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Samandrag

Føremål og gjennomføring

Deloitte har gjennomført ein eigarskapskontroll av infrastruktur- og kollektivtransportselskap i Vestland fylkeskommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune i sak 73/24, 7. oktober 2024.

Føremålet med prosjektet har vore å undersøke om Vestland fylkeskommune har etablert ei eigaroppfølging av infrastruktur- og kollektivselskapa i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, egne vedtak og rutinar. I samband med eigarskapskontrollen har Deloitte innhenta, gjennomgått og analysert dokumentasjon knytt til mellom anna eigarstyring, rapportering og styrevalsprosessar frå både Vestland fylkeskommune og dei sju selskapa som inngår i infrastruktur- og kollektivdelen av fylkeskommunen sin eigarskapsportefølje. Vidare har Deloitte intervjuar utvalde personar i Vestland fylkeskommune som er involvert i arbeid med eller har ansvar for eigarstyring ovanfor infrastruktur- og kollektivtransportselskap, samt dagleg leiar og styreleiar i alle dei sju selskapa som har vore omfatta av eigarskapskontrollen.

Overordna konklusjon

Samla sett er det Deloitte si vurdering at Vestland fylkeskommune har etablert ei eigarstyring og -oppfølging av dei sju infrastruktur- og kollektivtransportselskap¹ som for det meste er i samsvar med regelverk, etablerte normer for eigarstyring og -oppfølging, samt fylkeskommunen sine egne vedtak og etablerte rutinar. Samstundes er det identifisert enkelte manglar og svakheiter i eigarstyringa, som Deloitte tilrår at fylkeskommunen følgjer opp. Desse er knytt til styrande dokument og kjønnsamansetting av styra i enkelte av selskapa, etterleving av etablerte fylkeskommunale rutinar for oppfølging av selskapa og opplæring av folkevalde i eigarstyring. Dei sentrale funna og vurderingane som den overordna konklusjonen bygger på, er oppsummert under dei ulike temaoverskriftene nedanfor.

Styrande dokument for infrastruktur- og kollektivtransportselskapa

Gjennom eigarskapsmeldinga, selskapa sine vedtekter og egne strategidokument for selskapa, har fylkeskommunen etter Deloitte si vurdering i hovudsak sikra tydelege mål, krav, forventningar og strategisk retning for dei sju infrastruktur- og kollektivtransport. Dei utarbeidde dokumenta ivaretek for det meste både lovkrav i kommune- og aksjelova, fylkeskommunen sine egne eigarprinsipp, og tilrådingar KS som gjeld eigarskap og selskapsleiing.

Samstundes er det i undersøkinga identifisert enkelt svakheiter i dei styrande dokumenta for selskapa. I undersøkinga kjem det fram at ikkje alle selskapa sine vedtekter inneheld føresegn om innkallingsfrist til generalforsamling (jf. KS tilråding 8), eller har vedtektsfesta bruk av valkomité ved styreutnemningar i selskapa (jf. KS tilråding 10). Undersøkinga viser også at Vestland fylkeskommune, jf. KS sine tilrådingar, ikkje har utarbeidd felles eigarskapsstrategiar for alle dei selskapa fylkeskommunen eig saman med andre kommunar/fylkeskommunar.

¹ Bybanen AS, HFK Bussanlegg AS, Skyttel AS, Ferde AS, Fremtidens Hurtigbåt AS, Sunnhordland Lufthamn AS og E134 Haukelivegen AS.

Etter Deloitte si vurdering bør fylkeskommunen som eigar følgje opp alle desse forholda, for å sikre mest mogleg fullstendige rammer for og tydelege krav til selskapa sitt arbeid.

Roller og ansvar for oppfølging av eigarskap i infrastruktur- og kollektivtransportselskap

Etter Deloitte si vurdering, har Vestland fylkeskommune etablert ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling når det gjeld oppfølging av infrastruktur- og kollektivtransportselskapa, som er godt eigna til å sikre at fylkeskommunen ivaretek lovkrav og eigne eigarprinsipp.

Deloitte vurderer at rolle- og ansvarsdelinga som er etablert også fungerer tilfredsstillande i praksis, gjennom at den sikrer at fylkeskommunen stiller på generalforsamling med fullmektig eigarrepresentant med skriftleg fullmakt. I dei tilfella der fylkeskommunen praktiserer at ein tilsett i administrasjonen ivaretek eigarrepresentantfunksjonen, er det Deloitte si vurdering at dette innanfor infrastruktur- og kollektivtransportområdet skjer i samsvar med KS sine tilrådingar, dvs. i selskap som har utføring av reine driftsoppgåver som føremål (gjeld kun HFK Bussanlegg AS i dette segmentet av selskapsporteføljen).

Vidare er det Deloitte si vurdering at den administrative støttefunksjonen fylkeskommunen har etablert, i samsvar med KS sine tilrådingar, er innretta på ein måte og med eit omfang som sikrar at fylkeskommunen held oversikt over alle generalforsamlingar som skal gjennomførast i infrastruktur- og kollektivtransportselskap, at relevant informasjon om og frå selskapa blir henta inn og at relevante saker om eigarskap blir lagt fram for fylkestinget.

System og rutinar for eigarstyring

Deloitte meiner at Vestland fylkeskommune har etablert system og rutinar for eigarstyring som i hovudsak sikrar at infrastruktur- og kollektivtransportselskapa blir følgt opp i samsvar med lovkrav, normar og eigne eigarprinsipp, men det er avdekt enkelte manglar i etterleving av rutinane.

Etter Deloitte si vurdering sikrar dei system og rutinar fylkeskommunen har etablert for eigarstyring i all hovudsak at det for dei kontrollerte selskapa blir gjennomført tidsriktige generalforsamlingar som tilfredsstiller krava i aksjelova § 5-5, at fylkeskommunen stiller i generalforsamling med fullmektig med skriftleg fullmakt i samsvar med aksjelova § 5-2, at eigarrepresentant er ein sentral folkevalde i dei selskapa der dette er vurdert å vere formålstenleg, jf. tilråding frå KS, og at det blir gjennomført uformelle eigarmøte, jf. tilråding frå KS. Deloitte meiner at rutineane for eigarstyring og -oppfølging er hensiktsmessige for å bidra til at fylkeskommunen følgjer opp og kontrollerer om infrastruktur- og kollektivtransportselskapa arbeider i høve til og ivaretek krav og føringar fylkeskommunen som eigar har gjeve.

I undersøkinga kjem det samstundes fram enkelte manglar og svakheiter i eigarstyringa, under dette at det i eit selskap (Fremtidens Hurtigbåt AS) ikkje er gjennomført generalforsamlingar i kontrollperioden og det ikkje er dokumentert gjennomført eigarmøte med alle selskapa i porteføljen. Deloitte vurderer at fylkeskommunen må sikre at aksjelova sin krav til gjennomføring av generalforsamling blir etterlevd, og at fylkeskommunen bør vurdere om hyppigare, regulære eigarmøte med utvalde selskap vil kunne vere nyttig med omsyn til å sikre enda betre gjensidig informasjonsutveksling, forventningsavklaringar og drøfting av utvikling og rammar for selskapa.

Informasjon til og opplæring av folkevalde i eigarstyring

Etter Deloitte si vurdering har Vestland fylkeskommune etablert tilstrekkelege rutinar for å halde dei folkevalde jamleg oppdatert om drift og utvikling i selskapa, og for å sørge for kunnskap blant dei folkevalde om eigarskap- og styring. Det er imidlertid ikkje gjennomført tilfredsstillande opplæring for folkevalde i eigarstyring i inneverande valperiode.

Deloitte meiner at dei rutinar for rapportering til folkevalde organ som fylkeskommunen har etablert, tilfredsstillar både lovkrav, tilrådingar frå KS og prinsippa i fylkeskommunen si eiga eigarskapsmelding. Etter Deloitte si vurdering har fylkeskommunen for det meste også sikra etterleving av dei rutinane som er etablert på dette området.

For inneverande valperiode var det planlagt, men ikkje gjennomført opplæring for folkevalde i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging. Etter Deloitte si vurdering bør fylkeskommunen følgje opp dette, for å sikre at dei folkevalde har tilstrekkelig kompetanse og innsikt til å følgje opp dei selskapa fylkeskommunen eig på ein tilfredsstillande måte, i samsvar med både regelverk og prinsipp, krav og føringar som fylkestinget sjølv har vedteke.

Samansetting av og val til styra i infrastruktur- og kollektivtransportselskap

Vestland fylkeskommune har etter Deloitte si vurdering i hovudsak sikra ei samansetting av styra i infrastruktur- og kollektivtransportselskapa som for det meste ivaretek krav i regelverk, og som set styra i stand til å ivareta sine pliktar til å forvalte og føre tilsyn med selskapa på ein uavhengig måte.

Samstundes kjem det i undersøkinga fram avvik i enkelte selskap (Fremtidens Hurtigbåt AS (krav om maksimalt 2 personar av same kjønn) og Sunnhordland Lufthamn AS (krav om maksimalt 3 personar av same kjønn) frå kravet som følgjer av aksjelova §§ 6-3 og 20-6 om balansert kjønnsrepresentasjon i styret, jf. kommunelova § 21-1. Etter Deloitte si vurdering må fylkeskommunen sikre at krav til balansert kjønnsrepresentasjon i styra blir ivareteke for alle infrastruktur- og kollektivtransportselskapa.

Vidare er det Deloitte si vurdering av utnemning av styremedlemmar i infrastruktur- og kollektivtransportselskapa berre delvis skjer i samsvar med dei prinsippa fylkeskommunen har sett opp for dette gjennom eigarskapsmeldinga. Undersøkinga viser at eit fleirtal av selskapa har vedtektsfesta og sikra at det blir nytta valkomite ved styreval, men samtidig at tre selskap verken har vedtektsfesta bruk av valkomite eller nyttar valkomite i samband med val av medlemmar til styret. Deloitte meiner det er viktig at fylkeskommunen held fram med å følgje opp selskapa på desse punkta (enten direkte (der fylkeskommunen eig aleine) eller gjennom å ta initiativ i generalforsamling (der fylkeskommunen eig saman med andre), for å sikre at selskapa i samband med utnemning av medlemmar til styra, opptre i samsvar med dei prinsippa fylkeskommunen arbeider etter som eigar har stilt opp. Deloitte meiner også at fylkeskommunen bør følgje opp selskapa på tilsvarende måte (direkte i eller gjennom initiativ i generalforsamling når det gjeld utarbeiding av rutinar/retningslinjer for valkomiteen sitt arbeid, samt utarbeiding av skriftlege grunngevingar av valkomiteen sine nominasjonar av styremedlemmar, jf. KS sine tilrådingar.

Tilrådingar til Vestland fylkeskommune

Basert på funn og vurderingar i forvaltningsrevisjonen, kjem Deloitte med sju tilrådingar til fylkeskommunen. Desse er presentert i kapittel 7 i rapporten.

Innhald

SAMANDRAG.....	1
INNHALD	4
1 INNLEIING	6
1.1 BAKGRUNN	6
1.2 FØREMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR	6
1.3 AVGRENSING.....	6
1.4 UAVHENGIGHEIT	7
1.5 METODE.....	7
1.6 KONTROLLKRITERIUM.....	8
2 OM TENESTEOMRÅDET	9
2.1 SELSKAP INNAN INFRASTRUKTUR OG KOLLEKTIV	9
2.2 VESTLAND FYLKESKOMMUNE SINE OVERORDNA PRINSIPP FOR EIGARSTYRING	10
3 EIGARSTRATEGIAR.....	11
3.1 PROBLEMSTILLING	11
3.2 KONTROLLKRITERIUM.....	11
3.3 DATAGRUNNLAG	12
3.4 VURDERING	17
4 OPPFØLGING AV SELSKAPA	19
4.1 PROBLEMSTILLING	19
4.2 KONTROLLKRITERIUM.....	19
4.3 ROLLER OG ANSVAR	20
4.4 RUTINAR OG PRAKSIS FOR EIGAROPPFØLGING	22
5 RAPPORTERING TIL FOLKEVALDE ORGAN OM DRIFT OG UTVIKLING I SELSKAPA ...	30
5.1 PROBLEMSTILLING	30
5.2 KONTROLLKRITERIUM.....	30
5.3 DATAGRUNNLAG	30
5.4 VURDERING	32
6 STYRESAMANSETTING	34
6.1 PROBLEMSTILLING	34
6.2 KONTROLLKRITERIUM.....	34
6.3 DATAGRUNNLAG	34
6.4 VURDERING	39
7 KONKLUSJON OG TILRÅDINGAR	42
VEDLEGG 1: HØYRINGSUTTALER.....	46
VEDLEGG 2: KONTROLLKRITERIUM	48
VEDLEGG 3: SENTRALE DOKUMENTER OG LITTERATUR	54

Tabeller:

Tabell 1: Oversikt over VLFK sine eigarskap innan infrastruktur og kollektivtransport	9
Tabell 2: Fylkeskommunen sine mål med og strategiar for vidare eigarskap i dei ulike infrastruktur- og kollektivtransportselskapa	15
Tabell 3: Generalforsamlingar i aksjeselskap innanfor infrastruktur- og kollektivtransportområdet i 2023 og 2024	23
Tabell 4: Oversikt over kjønnsamansetting i styra i selskap innan infrastruktur og kollektivtransport	38
Tabell 5: Arbeid med styreevaluering og -opplæring i infrastruktur- og kollektivtransportselskapa	38

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein eigarskapskontroll av infrastruktur- og kollektivtransportselskap i Vestland fylkeskommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune i sak 73/24, 7. oktober 2024.

Eigarskapskontroll av infrastruktur- og kollektivselskap er første prioriterte prosjekt i kontrollutvalet sin plan for eigarskapskontroll 2024-2028. I ROV-vurderinga som blei utarbeidd i samband med utarbeiding av planen for eigarskapskontroll, blei det mellom anna påpeikt at ein risiko i oppfølginga av infrastruktur- og kollektivtransportselskapa er utydeleg avklaring av rollar og ansvar i eigarskapsforvaltninga, samt sikring av tilstrekkeleg samarbeid og samhandling mellom fylkeskommunen og selskapa.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet har vore å undersøke om Vestland fylkeskommune har etablert ei eigaroppfølging av infrastruktur- og kollektivselskapa i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, eigne vedtak og rutinar.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Har Vestland fylkeskommune etablert eigarstrategiar med tydelege mål, krav og forventningar til infrastruktur- og kollektivselskapa, og blir desse følgt opp?²
2. Har Vestland fylkeskommune følgt opp selskapa i samsvar med etablert rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapa?
3. Er det etablert ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling i fylkeskommunen når det gjeld oppfølging av infrastruktur- og kollektivselskapa, og fungerer rolle- og ansvarsdelinga tilfredsstillande?
4. Har Vestland fylkeskommune tilstrekkelege rutinar for å halde folkevalde organ jamleg oppdatert om drifta og utviklinga i selskapa?
5. Har Vestland fylkeskommune sikra ei føremålstenleg samansetning av styra i selskapa, og er styreutnemningane i samsvar med fylkeskommunen sine reglar for dette? Under dette, blir det gjennomført systematiske styreevalueringar, og blir evalueringane brukt i arbeidet med rekruttering og opplæring av nye styremedlemmar?

1.3 Avgrensing

Hovudfokus i ein eigarskapskontroll er fylkeskommunen si eigarstyring og korleis fylkeskommunen har organisert og forvaltar denne. Dette i motsetnad til ein forvaltningsrevisjon av selskap, som vil kunne omhandle dei ulike infrastruktur- og kollektivselskapa si måloppnåing, drift, økonomi mv. I denne undersøkinga har det ikkje blitt

² For å gjere rapporten meir lesbar, blir Vestland fylkeskommune si oppfølging av definerte eigarstrategiar omtalt som ein del av problemstilling 2, dvs. i kapittel 4.4.størst mulig lesbarhet for kontrollutvalget.

gjennomført forvaltningsrevisjon av infrastruktur- og kollektivselskapa som Vestland fylkeskommune har eigardelar i.

1.4 Uavhengigheit

Deloitte vil gjere merksam på at vi også er rekneskapsrevisor for Bybanen AS og HFK Bussanlegg AS. I forkant av at prosjektplan for undersøkinga blei lagt fram for kontrollutvalet, gjennomførte Deloitte uavhengigheitsvurderingar av desse forholda, og presenterte desse for utvalet før forslag til prosjektplan blei handsama. Det blei i desse vurderingane ikkje avdekt utfordringar knytt til uavhengigheit. Tilsvarande har Deloitte vurdert eigen uavhengigheit fortløpande i prosjektgjennomføringa. Heller ikkje i denne prosessen er det avdekt uavhengigheitsutfordringar.

1.5 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for eigarskapskontroll (RSK 002) og kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet oktober 2024 til juni 2025.

1.5.1 Dokumentanalyse

Informasjon om Vestland fylkeskommune og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mv. har blitt samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon har blitt vurdert opp mot kontrollkriteria.

1.5.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til dei skriftlege kjeldene, har Deloitte intervjuar utvalde personar i Vestland fylkeskommune som er involvert i arbeid med eller har ansvar for eigarstyring ovanfor infrastruktur- og kollektivtransportselskap, samt dagleg leiar og styreleiar i alle dei sju selskapa som har vore omfatta av eigarskapskontrollen. Totalt er 17 personar intervjuar.

1.5.3 Pålitelegheit og gyldigheit

Pålitelege data blir sikra ved å vere nøyaktig under innsamling og analyse av data. Kravet til gyldigheit inneber at dataa skal vere relevante for å besvare problemstillingane i undersøkinga. Revisjonen meiner dei data denne rapporten bygger på samla sett er pålitelege og gyldige, og derfor gir eit forsvarleg grunnlag for revisjonen sine vurderingar, konklusjonar og tilrådingar.

1.5.4 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju er sendt til dei som er intervjuar for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten.

Datadelen av rapporten har blitt sendt til både fylkeskommunen og dei undersøkte selskapa for verifisering, og påpekte faktafeil har blitt retta opp i den endelege versjonen. Høyringsutkast av rapporten har blitt sendt til både fylkesdirektøren og dei undersøkte selskapa for uttale. Mottekne høyringsuttaler er lagt ved den endelege rapporten.

1.6 Kontrollkriterium

Kontrollkriterium er dei krav og forventningar som eigarskapsobjekta skal bli vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for eigarskapskontroll. I dette prosjektet er kontrollkriteria i hovudsak henta frå kommunelova, aksjelova og tilrådingar om eigarskap og selskapsleiing frå KS. Kriteria er nærare presentert innleiingsvis under kvart tema, og i vedlegg 2.

2 Om tenesteområdet

2.1 Selskap innan infrastruktur og kollektiv

Vestland fylkeskommune har eigarskap i sju selskap innanfor kategorien «Infrastruktur og kollektivtransport».³ Det går fram av eigarskapsmeldinga til VLFK frå 2024⁴ at måla med eigarskap i dei selskapa som inngår i denne delen av fylkeskommunen si selskapsportefølje, er å:

- Delta i selskap for å løyse fylkeskommunale oppgåver innanfor infrastruktur og kollektivtransport.
- Delta i selskap med infrastrukturutbygging eller finansiering av infrastrukturutbygging som føremål
- Delta i selskap som legg til rette for kollektivtrafikk, t.d. gjennom å eige eller drifte anlegg for kollektivtrafikk
- Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordelar

I tabellen under er dei sju selskapa lista opp. Som oversikta viser, varierer storleiken på selskapa i denne delen av porteføljen (målt i driftsinntekter). Også fylkeskommune sin eigardel varierer, frå heileigde selskap til selskap med minoritetseigarskap og forholdsvis låg eigardel (gjeld særleg E134 Haukelivegen AS). Av undersøkinga går det fram at selskapa også har ulik betydning for fylkeskommunen når det gjeld kva ein ønskjer med eigarskapa. Dette er nærare omtalt i kapittel 3.3.3 i rapporten,

Tabell 1: Oversikt over VLFK sine eigarskap innan infrastruktur og kollektivtransport

Selskap ⁵	VLFK sin eigardel	Driftsinntekter i 2023 ⁶
Bybanen AS	100 %	348 441 NOK
HFK Bussanlegg AS	100 %	0
Skyttel AS	33,33 %	88 821 NOK
Ferde AS	33,33 %	4 420 421 NOK
Fremtidens Hurtigbåt AS	25 %	0
Sunnhordland Lufthamn AS	21 %	27 993 NOK
E134 Haukelivegen AS	2,17 %	2 452 NOK

³ VLFK er også eigar av HFK Tomt AS, men det er ikkje drift i selskapet. Fylkeskommunen har starta ein prosess for avvikling av eigarskapen.

⁴ Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2024 – del 1. Vedteken av fylkestinget 19.06.24 i sak 83/2024.

⁵ Seks av selskapa er 100 % offentleg eigd (av VLFK saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar). E134 Haukelivegen AS er eigd av 4 fylkeskommunar, 33 kommunar og 9 private bedrifter.

⁶ Beløp i heile 1000 (NOK). Tal henta frå Dun & Bradstreet CreditPro.

2.2 Vestland fylkeskommune sine overordna prinsipp for eigarstyring

Vestland fylkeskommune har i si eigarskapsmelding fastsett fleire styringsprinsipp for eigarstyringa til fylkeskommunen. Innanfor rettslege rammer og i tråd med sektorpolitiske mål skal fylkeskommunen utøve eigarskap etter følgjande prinsipp:⁷

- Fylkeskommunen skal vere ein ansvarleg og aktiv eigar som gir selskapa stabilitet og trygge rammer.
- Fylkeskommunen utøver myndet sitt i eigarorganet til selskapet.
- Fylkeskommunen fastset mål og rammer og overlèt deretter forvaltninga av selskapet til styret, i tråd med den rollefordelinga regelverket legg opp til.
- Styresamansettinga skal bygge på rett kompetanse, mangfald og kapasitet, og arbeidet skal vere nøkternt men tilstrekkeleg honorert.
- Fylkeskommunen skal vere open om eigarskap og eigarskapsutøving.
- Fylkeskommunen skal utøve eigarskap i tråd med eigne sektorpolitiske mål og tydeleggjere desse ovanfor selskapa.
- Fylkeskommunen skal utøve eigarskap innanfor lovverket sine rammer og i tråd med forventningar til god forvaltningsskikk og allment støtta eigarstyringsprinsipp.
- Fylkeskommunen skal bidra til likebehandling av aksjonærar.
- Fylkeskommunen skal, der det kan oppstå interessekonflikt, skilje eigarrolla frå rolla som t.d. offentleg styresmakt.
- Fylkeskommunen skal ikkje gje selskap, som driv i konkurranse med andre selskap, urettmessige føremoner.

⁷ Henta frå eigarskapsmeldinga for 2024, del I, punkt 3.11.

3 Eigarstrategiar

3.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande problemstilling:

- *Har Vestland fylkeskommune etablert eigarstrategiar med tydelege mål, krav og forventningar til infrastruktur- og kollektivselskapa, og blir desse følgt opp?*⁸

3.2 Kontrollkriterium

Kontrollkriteria er utleia basert på kommunelova § 26-1, aksjelova § 2-2 og KS sine tilrådingar for eigarstyring, samt fylkeskommunen si eigarskapsmelding.

Eit viktig prinsipp ved selskapsorganisering, er at selskapet sine leiande organ skal ha betydeleg fridom til å drive verksemda. Både lovfesta føresegn og dei etablerte normane for god selskapsstyring set derfor grenser for kor mykje fylkeskommunen som eigar kan og bør involvere seg i selskapa si verksemd. Som eigar er det likevel viktig å gje retning til selskapa, slik at den planlegginga, forvaltninga og drifta som styret og den daglege leiinga står for, bidreg til å realisere dei mål og ambisjonar fylkeskommunen har for selskapa. Retninga og rammene for selskapet sitt arbeid, blir som hovudregel definert i eigarstrategi, eigarskapsmelding og selskapsavtalen eller vedtektene for selskapet.

Vestland fylkeskommune *skal*:

- Utarbeide ei eigarskapsmelding som blir vedteke i fylkestinget minst ein gong i valperioden, og som inneheld fylkeskommunen sine prinsipp for eigarstyring, oversikt over selskap og fylkeskommunale foretak og andre verksemdar som fylkeskommunen har eigarinteresser eller tilsvarende interesser i, samt fylkeskommunen sitt formål med sine interesser i selskapa/verksemdene (Kommunelova § 26-1)
- Utstyre infrastruktur- og kollektivselskapa med høvelege vedtekter eller selskapsavtale i tråd med krav i selskapslovgjevinga, og som også utfyller selskapslovgjevinga der det er høve til og behov for det (Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2024 – del 1, kap. 1.3).
- Sørge for at infrastruktur- og kollektivselskapa har vedtekter som tilfredsstiller aksjelova sine minstekrav, dvs. av vedtektene inneheld minimum foretaksnamn, verksemd, storleiken på aksjekapitalen og aksjane si pålydande verdi (Aksjelova § 2-2).

Vestland fylkeskommune *bør*:

- Utarbeide eigarstrategi med mål og krav til selskapa, spesielt dersom selskapa er strategisk viktige eller dersom vedtektene berre inneheld dei føresegna aksjelova krev, og jamleg revidere styringsdokumenta og avtalane som regulerer styringa av selskapet (Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2024 – del 1, kap. 3.11, KS tilråding 5).

⁸ For å gjere rapporten meir lesbar, blir Vestland fylkeskommune si oppfølging av definerte eigarstrategiar omtalt som ein del av problemstilling 2, dvs. i kapittel 4.4.størst mulig lesbarhet for kontrollutvalget.

- Utarbeide ein felles eigarskapsstrategi med andre medeigarar hvis fylkeskommunen er medeigar i fleire selskap saman med andre kommunar eller fylkeskommunar (KS tilråding 4).
- Sørge for at vedtektene til selskapa inneheld føresegn om innkallingsfrist til generalforsamling (jf. KS tilråding 8), samt vedtektsfestar bruk av valkomité ved styreutnemningar i selskapa (jf. KS tilråding 10).

Sjå vedlegg 2 for utfyllande kontrollkriterium.

3.3 Datagrunnlag

3.3.1 Eigarskapsmelding

Vestland fylkeskommune har etablert ei eigarskapsmelding som har blitt revidert og oppdatert minst ein gong i kvar valperiode etter at Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar blei slått saman til Vestland fylkeskommune. Eigarskapsmeldinga er delt inn i ein del 1 og ein del 2, der del 1 definerer fylkeskommunen sin overordna eigarpolitikk og prinsipp for eigarstyring, mens del 2 inneheld oversikt over selskap, foretak mv. fylkeskommunen har eigarskap i og fylkeskommunen sine mål med desse eigarskapa. I samband med revidering av eigarskapsmeldinga, er det fast praksis for at strategiar for fylkeskommunen sine eigarskap i kvart selskap også blir gjennomgått og ved behov revidert.

Eigarskapsmeldinga sin del 1 inneheld dei overordna føremåla med fylkeskommunen sine eigarskap, kriterium for etablering av eigarskap, selskapsform og -strategi, generell krav og forventningar til dei selskapa fylkeskommunen eig (under dette retningslinjer for samfunnsansvar, miljø, etikk og rettslege rammer), samt prinsipp for korleis fylkeskommunen som eigar skal utøve eigarstyring og følgje opp selskapa.

I intervju opplyser sentrale involverte i fylkeskommunen at det dei siste åra har blitt arbeidd aktivt med å utvikle og styrke den overordna tilnærminga til eigarskapforvaltning og eigarstyring i Vestland fylkeskommune. Dette har mellom anna omfatta arbeid både med både generelle prinsipp og spesifikke retningslinjer for dei enkelte selskapa fylkeskommunen har eigardelar i, samt rutinar og malverk til bruk i arbeid med eigarstyring, under dette rutine for risikovurdering av eigne prosessar som gjeld administrasjonen sitt arbeid med eigarskapsforvaltning og årshjul for gjennomføring av sentrale aktivitetar som inngår i eigarstyring. Når det gjeld kvaliteten på eigarskapsmeldinga til fylkeskommunen isolert sett, vurderer fylkesdirektør at fylkeskommunen har utarbeidd ei eigarskapsmelding som gir tydelege føringar for korleis eigarskapa til fylkeskommunen skal forvaltast, også innanfor infrastruktur- og kollektivtransportområdet. Fylkesdirektør peiker på at meldinga fungerer godt som eit verktøy for å sikre at fylkeskommunen har tilstrekkeleg informasjon og kunnskap om selskapa og kan agere som ein god eigar.

Eigarskapsmeldinga blir kvart år sendt til alle selskapa fylkeskommunen har eigarskap i. Ved oversending av eigarskapsmeldinga følgjer det òg eit brev til alle selskapa, der fylkeskommunen uttrykker sine generelle forventningar til selskapa når det gjeld mellom anna samfunnsansvar og etisk framferd, organisering, styring og kontroll, informasjonsflyt mellom selskap og eigar, etterlevelse av lovar og regler (inkl. kjønnsbalanse i styra i selskapa), og bruk av valkomite i styrevalsprosessar. I brevet blir det også gitt informasjon om fylkeskommunen sine forventningar og ønske i samband med gjennomføring av generalforsamlingar, årsmøte og

eigarmøte mm., knytt til mellom anna innmelding av møtedatoar, oversending av innkallingar og sakspapir osv.

I intervju med selskapa, kjem det fram at alle selskapa har kjennskap til og innsikt i Vestland fylkeskommune si eigarskapsmelding, og dei krav, føringar og forventningar fylkeskommunen har til det enkelte selskapet.

3.3.2 Vedtekter

Deloitte har i samband med eigarskapskontrollen motteke og gjennomgått vedtekter for alle dei sju undersøkte selskapa innanfor infrastruktur og kollektivtransport. Gjennomgangen er oppsummert under, per selskap.

Bybanen AS

Bybanen AS blei stifta den 19.03.1997. Selskapet har vedtekter med føresegn i høve til aksjelova sine minstekrav (jf. § 2-2), og inneheld foretaksnamn, forretningskontor, formål og aksjekapital, samt pålydande. Vedtektene inneheld også føresegn om val til styret (inkl. bruk av valkomite) og gjennomføring av generalforsamling (inkl. frist for innkalling til generalforsamling). Vedtektene har blitt revidert fleire gongar, sist 29.04.2021.

E134 Haukelivegen AS

E134 Haukelivegen AS blei stifta den 10.01.2001. Selskapet har vedtekter med føresegn i høve til aksjelova sine minstekrav (jf. § 2-2), og inneheld foretaksnamn, forretningskontor, formål og aksjekapital, samt pålydande. Vedtektene inneheld også føresegn om val til styret (inkl. bruk av valkomite) og gjennomføring av generalforsamling (inkl. frist for innkalling til generalforsamling). Vedtektene blei sist revidert 04.06.2020.

Ferde AS

Ferde AS blei stifta den 05.10.2016, og gjeldande vedtekter er datert 23.04.2020. Selskapet har vedtekter med føresegn i høve til aksjelova sine minstekrav (jf. § 2-2), og inneheld foretaksnamn, forretningskontor, formål og aksjekapital, samt pålydande. Vedtektene inneheld også føresegn om val til styret, under dette at det skal nyttast valkomite ved styreval. I føresegn om gjennomføring av generalforsamling framgår det ikkje eksplisitt frist for innkalling til generalforsamling.

Fremtidens Hurtigbåt AS

Fremtidens Hurtigbåt AS blei stifta i desember 2022, og gjeldande vedtekter er frå same tidspunkt. Vedtektene inneheld føresegn i høve til aksjelova sine minstekrav (jf. § 2-2), inkl. foretaksnamn, forretningskontor, formål og aksjekapital, samt pålydande. Vedtektene inneheld også føresegn om val til styret, men ikkje eksplisitt føresegn om bruk av valkomite ved styreval. Vedtektene inneheld heller ikkje føresegn om gjennomføring av generalforsamling og frist for innkalling til desse.

HFK Bussanlegg AS

HFK Bussanlegg AS blei stifta 26.02.2009, og gjeldande vedtekter er frå same tidspunkt. Selskapet sine vedtekter inneheld føresegn i høve til aksjelova sine minstekrav (jf. § 2-2), dvs. foretaksnamn, forretningskontor, formål og aksjekapital, samt pålydande. Vedtektene

inneheld ikkje ytterlegare føresegn, under dette føresegn om bruk av valkomite ved styreval, gjennomføring av generalforsamling og frist for innkalling til desse.

Skyttel AS

Skyttel AS blei stifta 18.12.1953 under namnet Bro- og tunnelselskapet AS, seinare BT Signaal AS (2012). Dagens selskap endra namn då BT Signaal AS blei delt opp i selskapa Ferde AS og Skyttel AS. Selskapet sine vedtekter, som sist blei revidert 04.11.2020, inneheld føresegn i høve til aksjelova sine minstekrav (jf. §2-2), under dette foretaksnamn, forretningskontor, formål og aksjekapital, samt pålydande. Vedtektene inneheld også føresegn om val til styret (inkl. bruk av valkomite), samt om gjennomføring av generalforsamling. Sistnevnte føresegn omtalar ikkje eksplisitt frist for innkalling til generalforsamling i selskapet.

Sunnhordland Lufthamn AS

Sunnhordland Lufthamn AS sine vedtekter blei sist revidert 08.06.2021, og inneheld føresegn i høve til aksjelova sine minstekrav (jf. § 2-2), under dette foretaksnamn, forretningskontor, formål og aksjekapital, samt pålydande. Vedtektene inneheld også føresegn om val til styret og gjennomføring av generalforsamling, men ikkje eksplisitte krav om bruk av valkomite eller frist for innkalling til generalforsamling.

I intervju oppgir både sentrale personar i fylkeskommunen og styreleiarar og daglege leiarar i dei sju selskapa at vedtektene som er etablert for selskapa i all hovudsak fungerer godt som ein del av den overordna styringsdokumentasjonen, og bidreg til å sikre tydelege ytre rammer for verksemdene.

3.3.3 Eigarstrategiar

I tillegg til den overordna eigarstrategien som Vestland fylkeskommune har etablert gjennom eigarskapsmeldinga del 1, og som inneber generelle krav og føringar for alle selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, er det i del 2 av eigarskapsmeldinga definert mål og strategiar for oppfølging av eigarskapen for kvart enkelt av selskapa fylkeskommunen eig, inkludert dei sju selskapa innanfor området infrastruktur og kollektivtransport. For tre av dei sju selskapa er det også utarbeidd eigne eigarstrategi-dokument utover dei strategiane som framgår av eigarskapsmeldinga del 2. Dette gjeld selskapa Bybanen AS, Ferde AS og Skyttel AS. For dei to sistnemnde, er dei utarbeidd eigarstrategiane felles strategiar for alle dei tre eigarane (Vestland, Agder og Rogaland fylkeskommunar).

I tabellen under er fylkeskommunen sine mål med og strategiar for vidare eigarskap i dei ulike infrastruktur- og kollektivtransportselskapa oppsummert. Tabellen inneheld også ei kortfatta oppsummering av styreleiarar og daglege leiarar i dei sju selskapa sin vurderingar av kor tydelege fylkeskommunen sine mål og strategiar for eigarskapen er.

Tabell 2: Fylkeskommunen sine mål med og strategiar for vidare eigarskap i dei ulike infrastruktur- og kollektivtransportselskapa

Selskap (eigardel i %)	Mål med eigarskapet ⁹
Bybanen AS (100 %)	Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen i Bybanen AS er å legge til rette for å løyse fylkeskommunale oppgåver innanfor infrastruktur og kollektivtransport.
Skyttel AS (33,33 %)	Selskapet sitt føremål er å drive verksemd relatert til systemløysingar, driftstenester og kundetenester innan betalingsformidling, innfordring og rapportering innan transportsektoren. I tillegg skal selskapet kunne tilby tilleggstenester frå andre sektorar knytt til selskapet sine teknologiske løysingar. Fylkeskommunen sin eigarskap i Skyttel AS er eit resultat av den statleg initierte bompengereforma, der det som i dag er Skyttel AS blei skilt ut i samband med etableringa av bompengeselskapet Ferde AS. VLFK sitt definerte mål med eigarskapen er å bruke selskapet som eit verktøy i finansieringa av utbygging av infrastruktur (veg). I eigarskapsmeldinga blir det trekt fram at det er naturleg at fylkeskommunane har eigarskap i bompengeselskapet Ferde AS, men at det ikkje er like sjølv sagt at fylkeskommunane skal vere med å eige Skyttel AS. Arbeidet med å vurdere og utgreie ei mogleg avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap er i gang, men selskapet, og marknaden selskapet opererer i, har vore og er framleis i endring. Dette har medført at Vestland fylkeskommune enda ikkje har trådd ut av selskap.
Ferde AS (33,33 %)	Ferde AS er eit selskap som er eigd av dei tre fylkeskommunane Vestland, Rogaland og Agder, og har som mål å stå for bompengefinansiering av infrastrukturutbyggingsprosjekt i eigarfylka. Målet med eigarskapen for Vestland fylkeskommune som ein av tre eigarar, er å sikre ei bompengeordning som er underlagt best mogleg kontroll og som også er brukarvennleg, gjennom å utnytte stordriftsfordelar som eit felles selskap for alle dei tre fylkane vil kunne gje.
HFK Bussanlegg AS (100 %)	Selskapet sitt føremål er å direkte eller indirekte eige bussanlegg i Hordaland for å legge til rette for konkurranseutsetting av kollektivtrafikken. Føremålet samsvarer ein til ein med fylkeskommunen som eigar sitt mål med eigarskapen. For å kunne konkurranseutsette drift av kollektivtrafikken i fylket var det behov for å gjere tilgjengeleg bussanlegg for alle potensielle transportoperatørar, for slik å sikre like konkurransevilkår.
Fremtidens Hurtigbåt AS (25 %)	Selskapet sitt føremål er å bidra til utvikling av utsleppsfrie hurtigbåtar som kan nyttast som effektive, miljøvenlege og tenlege transportmiddel i offentleg kollektivtransport. VLFK sitt mål med eigarskapen i selskapet, har vore å bidra til dette, slik at fylkeskommunen over tid kan bruke utsleppsfrie båtar til å

⁹ Henta frå VLFK si eigarskapsmelding 2024 - del 2.

Selskap (eigardel i %)

Mål med eigarskapet⁹

	understøtte sine mål for kollektivområdet, inkl. mål knytt til klima og miljø og effektiv løysing av kollektivoppgåver. I eigarskapsmeldinga går det fram at selskapet har erfart at kostnadane med utvikling, bygging og drift av hurtigbåt med hydrogenframdrift er svært høg, og styringsgruppa i prosjektet avgjorde derfor 08.12.23 å stoppe hydrogenløpet, grunna manglande finansiering til bygging og pilotering. Som ein konsekvens av dette har fylkesdirektøren tilrådd at eigarskapen blir avslutta i si noverande form.
Sunnhordland lufthavn AS (21 %)	Av eigarskapsmeldinga går det fram at målet med med eigarskapen i selskapet er å leggje til rette for flytrafikk til og frå Sunnhordland. Det å sikre flytilbodet i Sunnhordland, skal igjen bidra til ei positiv næringsutvikling i denne delen av fylket. Fylkeskommunalt medeigarskap blir sett på som vesentleg for å kunne halde fram med flytrafikk til og frå Sunnhordland, så lenge lufthamna er ikkje-statleg.
E134 Haukelivegen AS (2,17 %)	Målet med eigarskapen er å sikre infrastrukturutbygging og standardheving av transportkorridoren E134 med sidegreiner. Utbygging og standardheving skal gje raskare, tryggare og meir pålitelege samband mellom vest og aust.

I intervju med styreleiar og dagleg leiar i dei ulike selskapa, blir det for det meste gitt uttrykk for at fylkeskommunen som eigar har eit tydeleg mål og ein tydeleg strategi for eigarskapen i dei fleste selskapa. Samtidig viser representantar frå Skyttel AS til at fylkeskommunen med fordel kunne ha etablert tydelegare mål og strategiar, for på denne måten å sikre mest mogleg føreseielege rammer for selskapet og eit tydeleg grunnlag for utarbeiding og gjennomføring av selskapet sin eigen strategi framover. Fleire av selskapa peikar samstundes på at oppfølginga frå Vestland fylkeskommune som eigar har forbettringspotensial. Dette er nærare omtalt i kapittel 4.

Fylkesordførar forklarar i intervju at han vurderer at fylkeskommunen i stor grad har etablert tydelege mål og strategiar for sine eigarskap i selskapa i infrastruktur- og kollektivtransportsegmentet. Det selskapet der fylkesordførar vurderer at mål og strategi for eigarskapen er minst tydeleg, er Sunnhordland lufthamn AS. Fylkesordførar peiker på at historikken og økonomiske utfordringar knytt til dette selskapet, gjer eigarskapen noko meir uklar enn i dei øvrige selskapa. Med dette meier fylkesordføraren at målet med eigarskapen i ikkje har vore tilstrekkeleg godt definert og avstemt mot fylkeskommunen sin eigardel i selskapet (21 %). I periodar og gjennom bestemte handlingar har fylkeskommunen hatt større bidrag og involvering i selskapet enn det eigardelen tilseier, mellom anna gjennom atskillege lån og ettergiving av restlån, utan at det etter fylkesordførar si vurdering alltid har vore tydeleg avklart kva fylkeskommunen som eigar skal få ut av desse bidraga, og korleis det skal passe inn i dei større satsingane til fylket.

Tilsvarande viser fylkesvaraordførar i intervju til at at sjølv om fylkeskommunen i stor grad har eigarskap som er grunngjeve i dei overordna måla og oppgåvene til fylkeskommunen, så bør fylkeskommunen gjennomgå nokre av eigarskapa for å avklare om fortsett eigarskap er føremålstenleg. Færre eigarskap kan sikre betre oppfølging av dei selskapa som er viktigast for

fylkeskommunen si verksemd. Generelt oppfattar han likevel at fylkeskommunen er svært bevisst på kvifor dei er medeiger i dei selskapa som inngår i segmentet infrastruktur og kollektivtransport, og nyttar eigarskapa aktivt til å utvikle fylket i den retninga som er definert og vedteke frå politisk hald.

3.4 Vurdering

Etter Deloitte si vurdering har Vestland fylkeskommune i hovudsak har sikra tydelege ytre rammer, mål og strategisk retning for dei ulike selskapa som inngår i kategorien «Infrastruktur og kollektivtransport». Fylkeskommunen har etter Deloitte si vurdering etablert ei eigarskapsmelding som inneheld fylkeskommunen sine prinsipp for eigarstyring, oversikt over selskapa og fylkeskommunen sitt formål med sine interesser i selskapa, i samsvar med minimumskrava i kommunelova § 26-1. Vidare har fylkeskommunen etter Deloitte si vurdering sørga for at dei aktuelle selskapa har vedtekter som tilfredsstiller aksjelova sine minstekrav til innhald og Vestland fylkeskommune sine eigne eigarprinsipp jf. eigarskapsmeldinga. Deloitte registrerer samstundes at ikkje alle selskapa sine vedtekter inneheld føresegn om innkallingsfrist til generalforsamling jf. KS tilråding 8 (Ferde AS, Fremtidens Hurtigbåt AS, HFK Bussanlegg AS, Skyttel AS, Sunnhordland Lufthamn AS), samt har vedtektsfesta bruk av valkomité ved styreutnemningar i selskapa, jf. KS tilråding 10 (Fremtidens Hurtigbåt AS, HFK Bussanlegg AS, Sunnhordland Lufthamn AS). Etter Deloitte si vurdering bør Vestland fylkeskommune følgje opp dei aktuelle selskapa på desse punkta, for på denne måten å sikre at vedtektene ivaretek anbefalte normar for eigarstyring (som også er reflektert i fylkeskommunen sine eigne prinsipp for eigarstyring slik desse går fram av eigarskapsmeldinga).¹⁰ Der fylkeskommunen eig selskapa saman med andre kommunar og fylkeskommunar (Ferde AS, Skyttel AS, Fremtidens Hurtigbåt AS, Sunnhordland Lufthamn AS) og ikkje aleine kan fatte vedtak om endring i vedtekter, bør fylkeskommunen etter Deloitte si vurdering ta initiativ til at relevant vedtektsendringar blir behandla i generalforsamling i selskapa.

Etter Deloitte si vurdering har fylkeskommunen i samsvar med tilrådingar frå KS også utarbeidd selskapsspesifikke eigarstrategiar med mål og krav til dei sju selskapa i i kategorien «Infrastruktur og kollektivtransport», og sørga for at desse strategiane og andre styringsdokument blir revidert jamleg i samband med revidering av fylkeskommunen si eigarskapsmelding og generalforsamlingar i selskapa. Deloitte registrerer at også leiinga i dei fleste av dei sju aktuelle selskapa vurderer at fylkeskommunen har definerte tydelege mål og strategiar med sin eigarskap i selskapa. Samstundes merkar Deloitte seg at styreleiar og dagleg leiar i Skyttel AS gir uttrykk for at fylkeskommunen sin strategi for å selge selskapet manglar ein tydeleg tidshorisont, og at dette blir opplevd som utfordrande med omsyn til selskapet si realisering av eigne strategiar og planar. Deloitte meiner at Vestland fylkeskommune bør vurdere å følgje opp dette, og sikre ein mest mogleg føreseieleg situasjon for selskapet til å planlegge, forvalte og drive si eiga verksemd.

Undersøkinga viser at Vestland fylkeskommune jf. KS sine tilrådingar, ikkje har utarbeidd felles eigarskapsstrategiar for alle dei selskapa fylkeskommunen eig saman med andre kommunar/fylkeskommunar. Dette gjeld selskapa Fremtidens Hurtigbåt AS og Sunnhordland

¹⁰ Deloitte merkar seg at selskapet Fremtidens Hurtigbåt AS er planlagt avvikla. Avhengig av når avviklinga skjer, er det mogleg at det ikkje er naudsynt at fylkeskommunen følgjer opp identifiserte avvik for dette selskapet.

lufthamn AS. Deloitte meiner dette er noko fylkeskommunen kan vurdere å gjere, for å sikre tydelege felles føringar frå eigarane der dette er mogleg/relevant.¹¹

¹¹ Deloitte merkar seg at selskapet Fremtidens Hurtigbåt AS er planlagt avvikla. Avhengig av når avviklinga skjer, er det mogleg at det ikkje er naudsynt at fylkeskommunen følgjer opp det identifiserte avviket knytt til felles eigarstrategi for dette selskapet.

4 Oppfølging av selskapa

4.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande problemstillingar:

- *Er det etablert ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling i fylkeskommunen når det gjeld oppfølging av infrastruktur- og kollektivselskapa, og fungerer rolle- og ansvarsdelinga tilfredsstillande?*
- *Har Vestland fylkeskommune følgt opp selskapa i samsvar med etablert rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapa?*

4.2 Kontrollkriterium

Kontrollkriteria er utleia basert på aksjelova kapittel 5 og KS sine tilrådingar for eigarstyring, samt fylkeskommunen si eigarskapsmelding, vedteke av fylkestinget.

Vestland fylkeskommune *skal*:

- Utøve sitt mynde som eigar i selskapa sine eigarorgan, dvs. generalforsamling for aksjeselskap fylkeskommunen har eigarskap i (aksjelova § 5-1 og Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2024 – del 1, kap. 3.1 og 3.11).
- Stille i generalforsamling med fullmektig med skriftleg fullmakt (aksjelova § 5-2 (2)).
- Utøve sin eigarskap innanfor lovverket sine rammer og i tråd med forventningar til god forvaltningsskikk og allment støtta eigarstyringsprinsipp (Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2024 – del 1, 3.11).
- Sjå til at generalforsamling i aksjeselskap kommune har eigarskap i, blir gjennomført i samsvar med gjeldande føresegn i aksjelova, under dette tidsriktig gjennomføring av generalforsamling (§ 5-5 (1)), handsaming av saker i høve til minimumskrava (§ 5-5 (2)) og tidsriktig utsending av saksdokument i forkant av generalforsamling (§ 5-5 (3)).

Vestland fylkeskommune *bør*:

- Avhengig av selskapet sitt formål, oppnemne sentrale folkevalde som eigarrepresentant i eigarorgana til selskapa, for å bidra til god samhandling og kommunikasjon mellom selskapet og kommunestyret (KS tilråding 7).
- Ha ein administrativ støttefunksjon tilpassa omfang/behov i fylkeskommunen sin eigarskapsportefølje, med ansvar for m.a. førebuing av eigarskapssaker for fylkestinget (KS tilråding 4).
- Halde jamlege eigarmøte for å bidra til god kunnskap om og dialog med selskapet (Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2024 – del 1, 3.1 og KS tilråding 6).

Sjå vedlegg 2 for utfyllande kontrollkriterium.

4.3 Roller og ansvar

4.3.1 Datagrunnlag

Organisering av eigarrepresentasjon

Gjennom eigarskapsmeldinga, har fylkeskommunen vedteke rammer for korleis den skal utøve eigarstyring. Her går det mellom anna fram at fylkeskommunen si eigarutøving skjer i eigarorganet. For selskapa innanfor infrastruktur- og kollektivtransportsegmentet er dette generalforsamlingane, då alle selskap er organisert som aksjeselskap. Generalforsamlinga er det formelle eigarorganet og øvste mynde i eit aksjeselskap. Det er aksjeeigarane som utgjer generalforsamlinga, og det er gjennom generalforsamlinga eigarane har høve til å påverke styringa av eit selskap.

Selskapsregelverket fastset ikkje kven som skal representere fylkeskommunen i slike møte, og fylkestinget, eller den/det fylkestinget har delegert oppgåva til, må derfor oppnemne og gje fullmakt til den som skal møte for fylkeskommunen. Fylkestinget har gjennom *Reglement for folkevalde organ og delegering*, punkt 2.1.5, peikt ut fylkesordførar eller fylkesvaraordførar som fast eigarrepresentant i eigarorgana til selskapa. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte. Av eigarskapsmeldinga del 1 går det fram at der fylkesordførar eller fylkesvaraordførar ikkje sjølv kan møte, vil det vere naturleg at hovudutvalsleiarane for fagområdet selskapet sorterer under representerer fylkeskommunen med fullmakt frå fylkesordføraren.

Av eigarskapsmeldinga går det vidare fram at dersom føremålet med selskapet er å utføre reine driftsoppgåver, kan det vere føremålstenleg at tilsette i administrasjonen representerer fylkeskommunen i eigarorganet (sjølv om KS som hovudregel tilrår at det er sentrale folkevalde som ivaretek denne funksjonen).

Fylkesordførar opplyser om at ettersom Vestland fylkeskommune har direkte eigarskap i 43 selskap, har ikkje han kapasitet til å ta del i alle generalforsamlingar og eigarmøte i alle selskap. Dette inneber at fylkeskommunen praktiserer ei stor grad av vidaredelegering av rolla som fylkeskommunen sin eigarrepresentant med omsyn til deltaking i generalforsamling og eigarmøte, i hovudsak til fylkesvaraordføraren,¹² men også til administrasjonen for ein del mindre selskap, også innanfor infrastruktur- og kollektivtransportsegmentet av selskapsporteføljen. Eksempelvis blir det vist til at eigarrepresentantfunksjonen for mindre selskap med avgrensa verkeområde, er delegert til administrasjonen.¹³ For dei store selskapa med vesentleg betydning for utvikling av infrastruktur og kollektivtransport i Vestland fylke, som Bybanen AS og Ferde AS, er det fylkesordføraren sjølv som ivaretek eigarrepresentantfunksjon og er aktiv i eigaroppfølginga. Fylkesordførar opplyser at vidaredelegering av eigarrepresentantfunksjon alltid skal skje med skriftleg fullmakt.

Deloitte sin gjennomgang av gjennomførte generalforsamlingar i dei sju aktuelle selskapa for 2023 og 2024 stadfestar at fylkeskommunen har etterlevd eigne rutinar jf. skildringa over. Anten har fylkesordførar sjølv delteke i medhald av sitt mynde delegert gjennom

¹² Per våren 2025 ivaretek ikkje fylkesvaraordføraren eigarrepresentantfunksjonen for nokon av dei sju selskapa som inngår i infrastruktur- og kollektivtransportsegmentet av selskapsporteføljen til fylkeskommunen.

¹³ Innanfor infrastruktur- og kollektivtransportområdet gjeld dette berre for HFK Bussanlegg AS.

delegeringsreglementet, ellers så har annan folkevalde eller representant frå administrasjonen delteke, med skriftleg fullmakt.

Fylkesordføraren meiner at fylkeskommunen har fått ein god struktur på eigarstyringa, med ei tydeleg retningsline for generalforsamlingsdeltaking som sikrar at dei som deltek både bidreg til selskapet sitt beste og ivaretek fylkeskommunen sine prioriteringar og behov. Han peikar på at det ikkje alltid er mogleg å delta på alle generalforsamlingar, og at det i slike tilfelle kan òg vere nødvendig å melde frå om at ein ikkje kan delta og be om ny dato (dersom personar det kan vere aktuelt å vidaredelegere til heller ikkje kan stille, ev. om det gjeld selskap der det ikkje er ønskje om å vidaredelegere deltakinga). Han understrekar vidare viktigheita av å prioritere dei selskapa som er viktigast for fylkeskommunen.

Vidare kjem det fram at også fylkesdirektøren har ei sentral rolle og tett involvering i fylkeskommunen si eigarstyring og oppfølging av selskapa. Fylkesdirektøren deltek ofte i både generalforsamlingar og uformelle eigarmøte saman med fylkesordføraren, og vurderer å ha god innsikt i dei fleste selskapa fylkeskommunen eig. Fylkesdirektør peiker samstundes på at kjennskapen til dei ulike selskapa naturlegvis varierer noko, særleg ut frå selskapa sin storleik og betydning for fylkeskommunen. Til dømes er fylkesdirektøren tett involvert i oppfølginga av Bybanen AS, som er ein vesentleg aktør i utviklinga av kollektivtransporten i Bergen, medan han har noko mindre involvering i selskap som E134 Haukelivegen AS og HFK Bussanlegg AS, der fagfolk på andre nivå i administrasjonen tek seg av størstedelen av oppfølginga frå administrativ side.

I intervju blir det frå dei sju selskapa innanfor infrastruktur- og kollektivtransportsegmentet gjennomgåande vist til at det blir opplevd som tydeleg kven dei skal ha kontakt med i fylkeskommunen. Dei fleste selskap har klart definerte kontaktpersonar, ofte fylkesordførar som den formelle eigarrepresentanten eller fylkesdirektør, som selskapa kontaktar når dei har behov for det. Det blir trekt fram at dette sikrar at selskapa har god tilgang til relevante personar som kan hjelpe med å avklare spørsmål og følgje opp saker, utanom dei meir etablerte møtearenaane som generalforsamling og eigarmøte. Selskapa vurderer vidare at fylkeskommunen sine eigarrepresentantar har tilstrekkeleg kompetanse og oversikt over relevante forhold i selskapet til å kunne utøve eigarrolla på ein måte som i all hovudsak er tilfredsstillande.

Administrativ støttefunksjon i eigarskapsforvaltninga

I tillegg til at administrasjonen er tett kopla på fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning som ein del av eigarrepresentasjonsfunksjonen, har fylkeskommunen etablert ein eigen administrativ støttefunksjon som skal understøtte arbeidet med styring og oppfølging av selskapa fylkeskommunen eig. Funksjonen blir ivareteke av ein juridisk rådgjevar, med støtte frå juridisk seksjon ellers. Den administrative støttefunksjonen har ansvar for koordinering av deltaking på generalforsamlingar i aksjeselskap og representantskapsmøte i interkommunale selskap, utarbeiding og revidering av fylkeskommunen sine eigarskapsmeldingar, førebuing av politiske saker om eigarskap osv.

For å sikre oversikt over alle selskap og møtedatoar (for både generalforsamlingar, representantskapsmøte og uformelle eigarmøte), samt koordinering av kven som skal ivareta eigarrepresentantfunksjonen på vegne av fylkeskommunen i kvart av selskapa, har

seniorrådgivaren utarbeidd eit årshjul i form av eit Excel-skjema, som inneheld alle møtedatoar og oversikt over oppgåver/aktivitetar som administrasjonen må følgje opp ovanfor fylkeskommunen sin eigarrepresentant og/eller selskapa. I intervju blir det opplyst at seksjonen jobbar med å utvikle eit nettbasert årshjul, som kan brukast både for administrativ planlegging og for å kommunisere ut til relevante partar. Seniorrådgivaren trur at eit slikt verktøy vil kunne bidra til å effektivisere det administrative arbeidet knytt til gjennomføring av eigaroppfølging, samt bidra til å informasjon om fylkeskommunen si oppfølging av selskapa meir tilgjengeleg for alle som har behov for det.

4.3.2 Vurdering

Etter Deloitte si vurdering har Vestland fylkeskommune etablert ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling når det gjeld oppfølging av infrastruktur- og kollektivtransportselskapa, som er godt eigna til å sikre at fylkeskommunen ivaretek krava i aksjelova og prinsippa i eigarskapsmeldinga som gjeld utøving av eigarmynde i generalforsamling. Deloitte meiner og at rolle- og ansvarsdelinga fungerer tilfredsstillande i praksis, gjennom at den sikrer at fylkeskommunen stiller på generalforsamling med fullmektig eigarrepresentant med skriftleg fullmakt. I dei tilfella der fylkeskommunen praktiserer at ein tilsett i administrasjonen ivaretek eigarrepresentantfunksjonen, er det Deloitte si vurdering at dette innanfor infrastruktur- og kollektivtransportområdet skjer i samsvar med KS sine tilrådingar, dvs. i selskap som har utføring av reine driftsoppgåver som føremål (gjeld kun HFK Bussanlegg AS i dette segmentet av selskapsporteføljen).

Vidare er det Deloitte si vurdering at den administrative støttefunksjonen fylkeskommunen har etablert, i samsvar med KS sine tilrådingar, er innretta på ein måte og med eit omfang som sikrar at fylkeskommunen held oversikt over alle generalforsamlingar som skal gjennomførast i infrastruktur- og kollektivtransportselskap, at relevant informasjon om og frå selskapa blir henta inn og at relevante saker om eigarskap blir lagt fram for fylkestinget. Kvaliteten på fylkeskommunen sitt arbeid med innhenting av informasjon om og frå selskapa, og førebuing av saker som gjeld eigarskap for fylkestinget, er nærare omtalt i neste delkapittel.

4.4 Rutinar og praksis for eigaroppfølging

4.4.1 Datagrunnlag

Rutinar for eigaroppfølging

I samband med oversending av dokumentasjon, opplyser Vestland fylkeskommune at rutinar og retningslinjer for eigaroppfølging i stor grad følgjer av eigarskapsmeldinga del 1, og dei prinsipp og føringar som ligg i denne med tanke på avvikling av generalforsamling, eigarmøte, anna oppfølging av selskapa si styring, drift og ivaretaking av krav og føringar frå eigar, innhenting av rapportering frå selskapa til eigar, gjennomføring av styreval og evaluering av styrearbeid, og opplæring for folkevalde i eigarskapsforvaltning og for styremedlemmar i styrearbeid.

Av prinsippa og føringane i eigarskapsmeldinga del 1 følgjer det som tidlegare nemnt at fylkeskommunen si eigaroppfølging av aksjeselskap innanfor infrastruktur- og kollektivtransportsegmentet primært foregår gjennom generalforsamling, og det er spesifisert kva ansvar og oppgåver fylkeskommunen som eigar har mynde til å utføre, kva ansvar og oppgåver som ligg til styret i selskapa, samt korleis fylkeskommunen skal arbeide for å vere

godt førebudd i forkant av generalforsamlingar. For å understøtte dette arbeidet er det etablert rutinar for å avklare kva den som stiller som eigarrepresentant skal stemme ved handsaming av ekstraordinære eller særskilte viktige saker, ev. i saker der fylkeskommunen ikkje tidlegare har teke noko standpunkt (framlegging av eigne saker for politisk behandling, for å sikre at eigarrepresentant kan utøve si rolle i samsvar med det politiske fleirtalet sitt syn), og rutinar for å halde seg orientert gjennom året om dei ulike selskapa si styring og drift (gjennomgang av kvartalsresultat, årsrekneskap, årsmeldingar og anna tilgjengeleg informasjon). Dei aktuelle rutinene spesifiserer både kva som skal gjerast ved utføring av dei sentrale aktivitetane som inngår i fylkeskommunen si eigaroppfølging, og kven som skal utføre aktivitetane.

Vidare følger det av eigarskapsmeldinga at fylkeskommunen i tillegg til formelle møte i eigarorganet, ønskjer at det blir gjennomført jamlege eigarmøte med selskapa for mellom anna å sikre god informasjonsutveksling, forventningsavklaringar og drøftingar. Det er spesifisert i eigarskapsmeldinga at det på slike uforpliktande eigarmøte, der eigarane deltek saman med selskapsleiinga og styret, ikkje kan gjerast vedtak, men at det bør utarbeidast referat frå møta som kan nyttast vidare i eigaroppfølginga.

I samband med handsaming av overordna eigarskapskontroll i 2023, i politisk sak 93/2023 01.11.23, vedtok fylkestinget at det skulle etablerast system og rutinar for å sikre at det blir gjennomført risikovurderingar av det administrative arbeidet med eigarskapsforvaltning. Undersøkinga viser at fylkeskommunen har etablert rutine for dette, og at risikovurdering av arbeidsprosessar og rutinar for oppfølging av eigarskap blei utført same haust. Rapporten frå den vurderinga viser at det mellom anna blei identifisert risiko for svak eller fråverande eigarstyring som følgje av begrensa kapasitet og utilstrekkeleg administrativ koordinering av arbeidet. For å redusere denne risikoen, har det (som også påpeikt i kapittel 4.3.1) blitt sett i verk tiltak med å digitalisere rutinar for dei oppgåvene som blir utført av den administrative støttefunksjonen i juridisk seksjon, for på denne måten å sikre at etablert systematikk og praksis for gjennomføring av sentrale aktivitetar i eigaroppfølginga blir lettare tilgjengeleg for fleire personar, slik at arbeid blir mindre personavhengig og sårbart for fråver og endringar i personell. Som det går fram i kapittel 4.3.1, er arbeidet med digitalisering pågåande på tidspunktet for eigarskapskontrollen.

Praksis for eigaroppfølging

Gjennomføring av generalforsamlingar

I samband med undersøkinga, har Deloitte gjennomgått og kontrollert om det i 2023 og 2024 er gjennomført generalforsamlingar i dei sju aksjeselskapa innanfor infrastruktur- og kollektivtransportområdet, og i kva grad generalforsamlingane og fylkeskommunen si deltaking i desse har vore i samsvar med regelverk, og krav og føringar i fylkeskommunen si eige eigarskapsmelding. Gjennomgangen er oppsummert i tabellen under:

Tabell 3: Generalforsamlingar i aksjeselskap innanfor infrastruktur- og kollektivtransportområdet i 2023 og 2024

Selskap	GF 2023	GF 2024
Bybanen AS	Dato: 8. juni 2023	Dato: 29. mai 2024

	Innkalling (tidsriktig) /protokoll (fullstendig): ja/ja Deltakarar: VLFK, styreleiar, adm.dir., styresekretær Saker/vedtak: årsrekneskap og årsberetning, styreval, fastsetting av styregodtgjersle	Innkalling (tidsriktig) /protokoll (fullstendig): ja/ja Deltakarar: VLFK, styreleiar, adm. dir., styresekretær Saker/vedtak: årsrekneskap og årsberetning, styreval, fastsetting av styregodtgjersle
E134 Haukelivegen AS	Dato: 2. juni 2023 Innkalling (tidsriktig) /protokoll (fullstendig): ja/ja Deltakarar: VLFK, øvrige eigarar (310 av 460 aksjar representert), styreleiar, dagleg leiar Saker/vedtak: årsmelding og årsrekneskap, styreval, val av revisor, fastsetting av styregodtgjersle	Dato: 5. juni 2024 Innkalling (tidsriktig) /protokoll (fullstendig): ja/ja Deltakarar: VLFK, øvrige eigarar (330 av 460 aksjar representert), styreleiar, dagleg leiar Saker/vedtak: årsmelding og årsrekneskap, styreval, val av revisor, fastsetting av styregodtgjersle
Ferde AS	Dato: 13. april 2023 Innkalling (tidsriktig) /protokoll (fullstendig): ja/ja Deltakarar: VLFK, øvrige eigarar (100 % av aksjekapital representert), styreleiar, styremedlemmar, adm. dir., juridisk dir., styresekretær Saker/vedtak: årsmelding og årsrekneskap, styreval, fastsetting av styregodtgjersle	Dato: 22. mars 2024 Innkalling (tidsriktig) /protokoll (fullstendig): ja/ja Deltakarar: VLFK, øvrige eigarar (100 % av aksjekapital representert), styreleiar, styremedlemmar, adm. dir., juridisk dir., finansdirektør, kommunikasjonssjef, styresekretær, leiar for kontrollutvalet VLFK Saker/vedtak: årsmelding og årsrekneskap, styreval, fastsetting av styregodtgjersle
Fremtidens Hurtigbåt AS	Ikkje gjennomført generalforsamling i 2023 eller 2024. I intervju kjem det fram at eigarane si oppfølging av selskap har vore liten, grunna selskapet sin avgrensa aktivitet. Det har difor heller ikkje vore gjennomført generalforsamlingar i selskapet, verken ordinære eller forenkla.	
HFK Bussanlegg AS	Dato: 27. juni 2023 Innkalling (tidsriktig) /protokoll (fullstendig): ja/ja Deltakarar: VLFK, styreleiar, styremedlemmar, dagleg leiar Saker/vedtak: årsrekneskap, fastsetting av styregodtgjersle	Dato: 28. juni 2024 Innkalling (tidsriktig) /protokoll (fullstendig): ja/ja Deltakarar: VLFK, styreleiar, styremedlemmar Saker/vedtak: årsrekneskap, val av styre, fastsetting av styregodtgjersle
Skyttel AS	Dato: 31. mai 2023 Innkalling (tidsriktig) /protokoll (fullstendig): ja/ja Deltakarar: VLFK, øvrige eigarar (100 % av aksjekapital representert), styreleiar, adm.dir. Saker/vedtak: årsrekneskap og årsberetning, fastsetting av styregodtgjersle	Dato: 24. mai 2024 Innkalling (tidsriktig) /protokoll (fullstendig): ja/ja Deltakarar: VLFK, øvrige eigarar (100 % av aksjekapital representert), styreleiar, adm.dir. Saker/vedtak: årsrekneskap og årsberetning, styreval, fastsetting av styregodtgjersle

Sunnhordland lufthavn AS	Dato: 24. mai 2023 Innkalling (tidsriktig) /protokoll (fullstendig): ja/ja Deltakarar: VLFK, Stord kommune, styreleiar, dagleg leiar Saker/vedtak: årsrekneskap, styreval, fastsetting av styregodtgjersle	Dato: 4. juni 2024 Innkalling (tidsriktig) /protokoll (fullstendig): ja/ja Deltakarar: VLFK, Stord kommune, styreleiar, dagleg leiar Saker/vedtak: årsrekneskap, styreval, fastsetting av styregodtgjersle
-----------------------------	---	---

Som det går fram av tabellen over har det blitt gjennomført årlege generalforsamlingar i alle infrastruktur- og kollektivtransportselskapa, med unntak av i Fremtidens Hurtigbåt AS. Gjennomgangen viser at gjennomførte generalforsamlingar har blitt avvikla i samsvar med krav i regelverket og vedtekter, inkludert når det gjeld innkallingsfristar (der dette er regulert av vedtekene, jf. kapittel 3.3.2) og kva saker som skal handsamast (t.d. årsrekneskap, årsmelding, styreval, mv.). I samband med verifisering, viser fylkeskommunen til at det er styret i selskapa som etter aksjelova som utgangspunkt skal kalle inn til generalforsamling. Fylkeskommunen meiner likevel at fylkeskommunen som eigar har eit klart ansvar for at generalforsamling gjennomførast, i tråd med aksjelova sine krav. Fylkeskommunen meiner at generalforsamling dermed skulle vore heldt i Fremtidens Hurtigbåt AS i 2024, for rekneskapsåret 2023.¹⁴

I intervju blir det frå både sentrale personar i fylkeskommunen og dei ulike selskapa gjennomgåande gitt uttrykk for at generalforsamlingane i selskapa i hovudsak blir avvikla på ein ryddig måte og som føresett i både regelverk og vedtekter. Fylkesordførar viser samstundes til at det enkelte gonger likevel skjer at innkallingar til generalforsamlingar kjem for seint eller at generalforsamlingar i eit selskap kolliderer med generalforsamling i eit anna selskap. Han peiker på at dette er ein kabal som ein må jobbe systematisk med å få til å gå opp, og at den koordinerande funksjonen som juridisk seksjon har etablert fungerer godt i denne samanhengen. I dei tilfella der det oppstår møtekollisjonar, viser fylkesordførar til at det er viktig å prioritere deltaking i generalforsamling i dei selskapa som er viktigast for fylkeskommunen, og at ein då heller må melde frå til andre selskap om at ein ikkje kan delta, og be om ny dato (dersom personar det kan vere aktuelt å vidaredelegere til heller ikkje kan stille, ev. om det gjeld selskap der det ikkje er ønskje om å vidaredelegere deltakinga). Fylkesordførar understreker imidlertid at dette ikkje har medført at fristar for gjennomføring av generalforsamling ikkje blir overhalde, i den tida han har vore fylkeskommunen sin eigarrepresentant.

Vidare opplyser fylkesordføraren om at fylkeskommunen i tilknytning til deltaking på generalforsamlingar i selskap innanfor infrastruktur- og kollektivsegmentet, i stor grad lukkast med å sikre at det er avklart i forkant kva eigarrepresentanten skal stemme i ulike relevante saker. Han vurderer at fylkeskommunen har fått ein god struktur på dette arbeidet, med ein tydeleg rutine for generalforsamlingsdeltaking og politisk handsaming av saker i forkant av desse der dette er naudsynt, som sikrar at dei som deltek i generalforsamlingane veit kva standpunkt dei skal ha med seg inn i møtet for å ivareta fylkeskommunen sine prioriteringar og behov som eigar.

¹⁴ Fylkeskommunen opplyser samstundes om at det for rekneskapsåret 2024 blei gjennomført generalforsamling i Fremtidens Hurtigbåt AS 19. juni 2025. Jostein Hausevik Fjærestad (Direktør eigedom og utbygging) stilte då med fullmakt for Vestland fylkeskommune.

Gjennomføring av eigarmøte og anna oppfølging av selskapa

Vidare har Deloitte i samband med undersøkinga gjennomgått og kontrollert om fylkeskommunen i 2023 og 2024 har gjennomført uformelle eigarmøte, samt anna oppfølging av selskapa gjennom året for å halde seg orientert om dei ulike selskapa si styring, drift og ivaretaking av krav og føringar frå fylkeskommunen som eigar, under dette både generelle krav (i hovudsak gjeve gjennom eigarskapsmelding del 1) og krav og føringar til det enkelte selskap (gjeve gjennom eigarstrategiar og andre styringsdokument).

Gjennomgangen viser at det i 2023 og 2024 er dokumentert gjennomført uformelle eigarmøte med tre av sju infrastruktur- og kollektivtransportselskap (Ferde AS, Skyttel AS og Sunnhordland Lufthamn AS). Av referat frå møte går det fram at møta blir nytta til oppfølging av om selskapa ivaretek dei krav og føringar fylkeskommune har stilt til dei, og om selskapa si styring, drift og utvikling meir generelt. Det er ellers ikkje dokumentert gjennomført eigarmøte med dei øvrige fire selskapa i infrastruktur- og kollektivsegmentet (Bybanen AS, HFK Bussanlegg AS, Fremtidens Hurtigbåt AS, E134 Haukelivegen AS). Fylkesordførar viser i intervju til at det er vanleg praksis at det blir gjort ei strategisk vurdering av behovet for slike møte, og at eigarmøte blir prioritert gjennomført med dei selskapa som har størst betydning for fylkeskommunen sine ambisjonar og satsingar på området. Til dømes blir det som hovudregel gjennomført regulære, uformelle eigarmøte to gongar i året med selskapa Bybanen AS, Skyttel AS og Ferde AS, medan det ikkje er nødvendig med like hyppige eigarmøte for mindre selskap som HFK Bussanlegg AS eller Fremtidens Hurtigbåt AS. For desse selskapa blir eigarmøte berre gjennomført ved behov, typisk dersom det oppstår hendingar eller situasjonar som krev diskusjon og avklaring med selskapet. Fylkesordførar vurderer at dette er ein hensiktsmessig måte å innrette bruken av uformelle eigarmøte på, som sikrar fleksibilitet til å reagere raskt på hendingar som krev oppfølging og forhindrar at det blir brukt uforholdsmessig mykje tid på faste møte med selskap i tilfelle der det ikkje er behov for det.

I intervju viser samstundes nokre av infrastruktur- og kollektivselskapa fylkeskommunen eig til at dei kunne tenkt seg meir hyppige, regulære eigarmøte med fylkeskommunen, samt at fylkeskommunen tok initiativ til møte i større grad enn dei gjer i dag. Representantar frå både Bybanen AS og Sunnhordland Lufthamn AS vurderer at meir regelmessige eigarmøte med fylkeskommunen vil kunne sikre enda betre oppfølging av og dialog om selskapet si drift og utvikling enn det som er tilfellet i dag.

I tillegg blir det også frå andre selskap etterlyst meir oppfølging frå fylkeskommunen som eigar, utan at dette blir kopla direkte til bestemte møtearenaar. Dagleg leiar i E134 Haukelivegen AS trekk i intervju fram at han gjerne kunne tenkt seg meir samspel med Vestland fylkeskommune om strategi og framdrift i relevante prosjekt. Dagleg leiar i Skyttel AS viser til at han saknar meir kontinuitet og engasjement frå fylkeskommunen, og at fylkeskommunen bidreg meir inn mot selskapet si strategiske utvikling.

Når det gjeld anna oppfølging av infrastruktur- og kollektivselskapa gjennom året for å halde seg orientert om selskapa si styring, drift og ivaretaking av krav og føringar frå fylkeskommunen som eigar, viser undersøkinga at fylkeskommunen i 2024 har intensivert dette arbeidet i samband med utarbeiding av årleg eigarskapsrapport til fylkestinget med status om dei selskapa fylkeskommunen eig. Medan det tidlegare har blitt rapportert systematisk på status for selskapa fylkeskommunen eig (styring, drift mv.) i samband med revidering av samla

eigarskapsmelding (del 1 og del 2) ein gong i løpet av kvar fylkestingsperiode, får dei folkevalde frå og med 2024 framlagt oppdatert versjon av eigarskapsmeldinga del 2, med oversikt over alle selskapa fylkeskommunen eig, føremål og strategi for desse, styring, viktige hendingar og planar, økonomisk utvikling mm. Denne rapporteringa baserer seg både på informasjon frå generalforsamlingar og eigarmøte (og tilbakerapportering frå desse frå eigarrepresentant, sjå kap. 5.3) og gjennomgang av skriftlege rapportar frå og offentleg tilgjengeleg dokumentasjon om selskapa. For tre av selskapa (Bybanen AS, Ferde AS og Skyttel AS) er det etablert fast, jamleg skriftleg rapportering på ulike tidspunkt gjennom året, og også fleire andre selskap har teke initiativ til jamleg skriftleg rapportering til fylkeskommunen, for å sikre eigar best mogleg innsikt i selskapet sine aktivitetar, utfordringar og behov.

I intervju opplyser sentrale personar som er involvert i fylkeskommunen si eigaroppfølging av infrastruktur- og kollektivtraffikkselskap (fylkesordførar, fylkesdirektør, seniorrådgjevar i juridisk seksjon) at dei vurderer at fylkeskommunen har etablert gode rutinar og ein velfungerande praksis for oppfølging av desse selskapa. Rutinane blir opplevd å bidra til å sikre at fylkeskommunen i hovudsak har god oversikt over styring og drift i selskapa, og selskapa si ivaretaking av både generell krav og føringar (under dette retningslinjer for samfunnsansvar, miljø, etikk og rettslege rammer), og selskapsspesifikke krav som følgjer av eigarstrategiane, vedtekter mm. Rutinane blir opplevd å sikre oversikt over avvik og utfordringar i selskapa sitt arbeid og oppfølging av føringar som fylkeskommunen som eigar må følgje opp.

Samtidig blir det i intervju vist til at enkelte krav kan vere utfordrande å følge godt nok opp, og at det er noko variasjon i kor stor grad fylkeskommunen både vurderer det som hensiktsmessig å følgje opp og faktisk følgjer opp alle krav og føringar ovanfor alle selskap den har eigardeler i. Dette gjeld særleg ovanfor mindre selskap med begrensa ressursar og administrativ kapasitet. Det blir trekt fram at nokre selskap er betre stilt enn andre til å ivareta og følgje opp fylkeskommunen sine krav, medan andre naudsynleg vil ha utfordringar med dette gitt begrensa kapasitet og ressursar. Fleire av dei intervjuja viser til at det i eigaroppfølginga er viktig å ta omsyn til storleiken på fylkeskommunen si økonomiske investering og selskapet si strategiske betydning for fylkeskommunale ambisjonar og satsingar når det gjeld graden av kontroll og oppfølging. Både fylkesordførar og representantar frå administrasjonen vurderer det som hensiktsmessig å praktisere ei risikobasert og behovsprøvd oppfølging av selskapa (både generelt og innanfor infrastruktur- og kollektivsegmentet), basert på mellom anna de ovanståande vurderingane og behovsvurderingar gjennom året av ulike forhold som skulle dukke opp. Fylkesordførar viser til at dette kunne ha bidrege til ei meir intensiv eigarstyring og oppfølging av dei selskapa der risikoen og vesentlegheita for fylkeskommunen er størst, og til å sikre at fylkeskommunen bruker eigaroppfølgingsressursane der effekten er størst. I tillegg ville ein unngått avvik knytt til etterleving av styringsprinsipp og rutinar, i tilfelle der det kanskje ikkje er like vesentleg/kritisk at prinsippa og rutinane blir etterlevd (som til dømes gjennomføring av eigarmøte i små selskap med veldig avgrensa og klart definerte oppgåver og målsettingar).

I tilknytning til dette blir det understreka at fylkeskommunen har tillit til at selskapa informerer om og forklarar dersom dei avvik frå dei krav og føringar som fylkeskommunen som eigar har gitt, jf. også prinsippet om «følg eller forklar» som er skildra i fylkeskommunen si eigarskapsmelding del 1, som er formidla til alle selskapa fylkeskommunen eig.

4.4.2 Vurdering

Etter Deloitte si vurdering har Vestland fylkeskommune etablert system og rutinar for eigarstyring som i hovudsak sikrar at fylkeskommunen som eigar følgjer opp selskapa innanfor infrastruktur- og kollektivtransport i samsvar med krav i aksjelova, tilrådingar frå KS om eigarskap, selskapsleiing og kontroll, samt fylkeskommunen sine egne prinsipp for eigarstyring og dei krav og føringar som er gitt til selskapa.

Deloitte vurderer at fylkeskommunen gjennom dei etablerte rutineane i all hovudsak sikrar at det for dei kontrollerte selskapa blir gjennomført tidsriktige generalforsamlingar som tilfredsstillar krava i aksjelova § 5-5, at fylkeskommunen stiller i generalforsamling med fullmektig med skriftleg fullmakt i samsvar med aksjelova § 5-2, og at eigarrepresentant er ein sentral folkevalde i dei selskapa der dette er vurdert å vere formålstenleg, jf. tilråding frå KS.

Deloitte registrerer samstundes at det i 2023 og 2024 ikkje har blitt gjennomført generalforsamlingar i selskapet Fremtidens Hurtigbåt AS (men at generalforsamling blei gjennomført i 2025, for rekneskapsåret 2024). Etter Deloitte si vurdering er dette ikkje i samsvar med aksjelova sin føresegn om gjennomføring av årleg generalforsamling. Deloitte vil understreke at aksjeselskap etter lova ikkje har anledning til å avstå frå å gjennomføre generalforsamling minst ein gong i året, og at fylkeskommunen difor må sikre at det blir gjennomført generalforsamling også i Fremtidens Hurtigbåt AS, så lenge selskapet eksisterer. Deloitte vil peike på at det i samsvar med aksjelova § 5-7 er anledning til å gjennomføre forenkla generalforsamling, dersom ingen av aksjeeigarane motsett seg dette. Forenkla generalforsamling kan gjennomførast per telefon eller elektronisk (t.d. digitalt møte eller ved e-postutveksling), utan behov for å oppfylle alle formalkrav i aksjelova knytt til gjennomføring av ordinær generalforsamling (som t.d. formell innkalling eller samtidig sakshandsaming der alle aksjeeigarar er tilstades i same møte samstundes). Slik gjennomføring av generalforsamling vil typisk vere godt eigna for selskap med få aksjonærar og der ein ønskjer ei effektiv gjennomføring og raske og fleksible avgjersler.

Vidare vurderer Deloitte at dei etablerte rutineane til ein viss grad sikrar at det i samsvar med tilråding frå KS blir gjennomført eigarmøte med ulike selskapa, for å bidra til dialog med selskapa og kunnskap og innsikt for eigar i selskapa si styring og drift, under dette innsikt i korleis selskapa ivaretek krav og føringar fylkeskommunen som eigar stiller. Deloitte merkar seg imidlertid at det ikkje er dokumentert gjennomført eigarmøte med alle selskapa i porteføljen, og at det frå enkelte selskap blir etterlyst både fleire og meir regulære eigarmøte, for slik å få ein enda betre oppfølging av og dialog med eigar om selskapet si drift og utvikling enn det selskapa vurderer at er tilfellet i dag. Deloitte vil peike på at KS i sine tilrådingar legg vekt på at eigarmøte med selskap bør gjennomførast jamleg, og etter Deloitte si vurdering bør fylkeskommunen som eigar difor vurdere i kva grad det bør gjennomførast hyppigare, regulære eigarmøte med fleire av infrastruktur- og kollektivtransportselskapa. Regulære eigarmøte vil kunne vere nyttig med omsyn til å sikre god gjensidig informasjonsutveksling, forventningsavklaringar og drøfting av utvikling og rammar for selskapa, i samsvar med selskapa sine uttrykte behov.

Basert på dei opplysningane som kjem fram i undersøkinga, er det Deloitte si vurdering at Vestland fylkeskommune har etablert rutinar for eigarstyring og -oppfølging som er hensiktsmessige for å bidra til at fylkeskommunen følgjer opp og kontrollerer om infrastruktur-

og kollektivtransportselskapa arbeider i høve til og ivaretek krav og føringar. Dette gjeld både generelle krav og føringar knytt til t.d. samfunnsansvar, miljø og etikk, generelle krav og føringar som gjeld selskapsleiing (styreval, -samansetting og -evaluering mv.), og spesifikke krav og føringar som følgjar av eigarstrategiar og andre styringsdokument og som gjeld selskapa si styring, drift og utvikling.

Deloitte merkar seg samtidig at det er noko variasjon i kor stor grad fylkeskommune følgjer opp alle krav og føringar ovanfor alle selskap den har eigarandeler i. Deloitte merkar seg også at fylkeskommunen ut frå ei overordna vurdering av mellom anna selskapa sin ressursituasjon/administrative kapasitet, storleiken på eigarskap og selskapet si strategiske betydning for fylkeskommunen, vurderer det som hensiktsmessig at graden av oppfølging og kontroll ikkje er den same for selskap. Deloitte kan imidlertid ikkje sjå at det er gjennomført ei konkret vurdering av kva grad/nivå av oppfølging og kontroll fylkeskommunen skal ha ovanfor dei ulike selskapa innanfor infrastruktur- og kollektivtransportsegmentet, kva krav det er viktig at blir følgt opp ovanfor alle selskap og kva krav som berre er relevante å følgje opp med utvalde selskap. Som grunnlag for å sikre ei systematisk og gjennomarbeid tilnærming til korleis fylkeskommunen følgjer opp dei krav og føringar som er stilt til selskapa, under dette om ein ikkje skal følgje opp alle krav for alle selskap, meiner Deloitte at fylkeskommunen bør gjennomføre ei slik konkret vurdering, og ev. inkorporere resultata av denne i eigarskapsmeldinga. Dette vil etter Deloitte si vurdering bidra til å sikre at oppfølginga av selskapa si ivaretaking av ulike krav og føringar ikkje blir tilfeldig, og at oppfølging skjer i samsvar med intensjonen bak dei krav og føringar som er stilt.

5 Rapportering til folkevalde organ om drift og utvikling i selskapa

5.1 Problemstilling

I dette kapitlet vil vi svare på følgjande problemstilling:

Har Vestland fylkeskommune tilstrekkelege rutinar for å halde folkevalde organ jamleg oppdatert om drifta og utviklinga i selskapa?

5.2 Kontrollkriterium

Kontrollkriteria er utleia basert på kommunelova § 26-1, KS sine tilrådingar for eigarstyring, samt fylkeskommunen si eigarskapsmelding, vedteke av fylkestinget.

Vestland fylkeskommune *skal*:

- Utarbeide ei eigarskapsmelding som blir vedteke i fylkestinget minst ein gong i valperioden, og som inneheld fylkeskommunen sine prinsipp for eigarstyring, oversikt over selskap og fylkeskommunale foretak og andre verksemdar som fylkeskommunen har eigarinteresser eller tilsvarende interesser i, samt fylkeskommunen sitt formål med sine interesser i selskapa/verksemdene (Kommunelova § 26-1).
- Sikre at det blir rapportert frå eigarrepresentant tilbake til fylkeskommunen etter møte med selskapa, i henhold til etablert malverk og interne frister (Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2024 – del 1, kap. 3.2).
- Sikre at eigarrepresentant rapporterer munnleg til fylkesutvalet om aktuelle tema/problemstillingar, der dette blir etterspurt (Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2024 – del 1, kap. 3.2).

Vestland fylkeskommune *bør*:

- Sørge for god kunnskap til folkevalde om eigarskap, til dømes gjennom eigne eigarskapsseminar for samtlege folkevalde tidleg i valperioden (jf. KS tilråding 3).
- Sørge for at fylkestinget får ein årleg rapport om tilstanden i infrastruktur- og kollektivselskapa, samt elles sikre at dei folkevalde blir hald oppdatert om økonomi og viktige saker i selskapa (jf. KS tilråding 4 og 5).

Sjå vedlegg 2 for utfyllande kontrollkriterium.

5.3 Datagrunnlag

Som det framgår av kapittel 3, har Vestland fylkeskommune etablert ei eigarskapsmelding beståande av ein generell del (del 1) med fylkeskommunen sin overordna eigarpolitikk og prinsipp for eigarstyring, og ein selskapsspesifikk del (del 2) med oversikt over selskap, foretak mv. fylkeskommunen har eigarskap i og fylkeskommunen sine mål med desse eigarskapa. Eigarskapsmeldinga del 1 med fylkeskommunen sin overordna eigarpolitikk og prinsipp har

blitt revidert og lagt fram for politisk handsaming i fylkestinget minst ein gong i kvar valperiode sidan samanslåinga til Vestland fylkeskommune i 2020.

Frå og med 2024 har eigarskapsmeldinga del 2, som viser kva selskap fylkeskommunen eig, kva som er mål med og strategien for fylkeskommunen sin eigarskap, samt sentrale hendingar, utviklingstrekk og framtidsutsikter for kvart selskap (under dette infrastruktur- og kollektivtransportselskapa), blitt revidert kvart år og lagt fram for fylkestinget for handsaming, i samsvar med KS sine tilrådingar. I intervju blir dette vist til som eit viktig rapporteringspunkt med tanke på å halde dei folkevalde jamleg oppdatert om drifta og utviklinga i selskapa fylkeskommunen eig, både generelt og innanfor den spesifikke delen av selskapsporteføljen som gjeld infrastruktur og kollektivtransport.

Som eit ledd i å sikre at den årlege rapporten til fylkestinget om status for selskapa fylkeskommunen eig inneheld tilstrekkeleg med og relevant informasjon om mellom anna drift, utvikling, etterleving av krav og føringar frå eigar, framtidige behov mv., er det etablert egne rutinar for rapportering frå eigarrepresentantar til den administrative støttefunksjonen i juridisk avdeling etter møte i generalforsamlingar, representantskapsmøte mv. Det er utarbeidd ein eigen mal som eigarrepresentanten (fylkesordførar eller den som har fått delegert fullmakt til deltaking) skal fylle ut, som inkluderer følgjande punkt: grunndata om møtet (selskapsnamn, møtedato mv.), namnet på den som møtte som representant for fylkeskommunen, oversikt over forhold som blei drøfta eller informert om i møtet (som t.d. val av nye styremedlemmar, revisjonsmeldingar med avvik, kapitalutviding eller -nedsetting), selskapet si ivaretaking av krav til samfunnsansvar og etisk arbeid, selskapet si ivaretaking av krav til vedtektsfesting av valkomite, kjønnsbalanse i styret og system og praksis for opplæring i styrearbeid, samt andre relevante forhold som ikkje sorterar under dei øvrige punkta. Av rutinen følgjer det at eigarrepresentanten har ansvar for å utarbeide ein skriftleg rapport etter kvart møte, og sende den til administrasjonen innan 31. juli same år som møtet har funne stad.

I undersøkinga kjem det fram at det for dei undersøkte selskapa i stor grad blir rapportert tilbake frå eigarrepresentant i etterkant av at generalforsamling er gjennomført, i samsvar med rutine og mal som er etablert. Fylkesordførar opplyser at han ikkje fyller ut sjølve skjemaet/rapporteringsmal som er utarbeidd og som inngår i etablert rutine, men at han etter avtale med juridisk seksjon rapporterer på dei same punkta per e-post. Denne tilpasninga blir opplyst å ha blitt gjort av praktiske/tidsmessige årsakar, ettersom fylkesordførar deltek i svært mange generalforsamlingar kvart år. Både fylkesordførar og seniorrådgjevar i juridisk seksjon vurderer at den etablerte rapporteringsrutinene fungerer godt, og at systematikken med fast rutine og mal, samt ein administrativ støttefunksjon som følgjer opp ev. forseinka eller manglande rapportering, bidreg til å sikre at det blir rapportert skriftleg i etterkant av alle gjennomførte generalforsamlingar.

I intervju blir det vist til at rapportering etter gjennomførte generalforsamlingar tidlegare også kunne skje munnleg i form av framlegg frå eigarrepresentantar til fylkestinget eller utvala, men at denne praksisen er avvikla, for å sikre at det blir rapportert systematisk på dei same rapporteringspunktene for alle selskapa og at rapporteringa blir dokumentert for vidare bruk.

I intervju kjem det vidare fram at det i samsvar med føringane i eigarskapsmeldinga del 1, blir rapportert om eigarstyring til fylkesutvalet og andre folkevalde organ der dette blir etterspurt,

typisk i tilknytning til styring og oppfølging av dei større selskapa med vesentleg betydning for satsinger og måloppnåing på andre område, som Bybanen AS eller Ferde AS. Slik rapportering kan ofte involvere både eigarrepresentant, fylkesdirektør og representantar frå selskapa (styreleiar og/eller administrerande direktør).

I henhold til eigarskapsmeldinga del 1, skal det folkevalde innan seks månader etter fylkestingsvalet få opplæring i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging. I tillegg skal fylkeskommunen sine eigarrepresentantar, samt andre med sentrale politiske leiarfunksjonar, få særskilt opplæring om eigarrepresentasjon. I juni 2020 (førre valperiode) blei det gjennomført eigarskapsopplæring for medlemmane i fylkestinget, i form av eit digitalt kurs som omhandla både eigarstyring og selskapsleiing.¹⁵ For inneverande valperiode (2023-2027) opplyser fylkeskommunen om at det på fylkestinget 1-2. november 2023, blei gitt ein kort introduksjon til, og opplæring i, eigarskapsforvaltning. Utover dette har det så langt i denne valperioden ikkje vore gjennomført opplæring for folkevalde om eigarrolla. Fylkeskommunen opplyser om at juridisk seksjon planlegg å gjennomføre eigarskapsopplæring for folkevalde i starten av 2026, i forkant av generalforsamlingsperioden.

Samla sett vurderer dei sentrale involverte personane at den rapporteringa og dei opplæringsarenaane som er etablert, i hovudsak sikrar dei folkevalde god innsikt i og kunnskap om både den fylkeskommunale eigarskapen generelt og dei selskapa fylkeskommunen eig, og at dei folkevalde dermed også er godt oppdatert på status, drift og utvikling i infrastruktur- og kollektivtransportselskapa.

Samstundes blir det i intervju trekt fram at dei politistarane som ikkje er direkte involvert i eigarstyringa som eigarrepresentantar eller gjennom andre funksjonar, ofte har begrensa innsikt i selskapa sine aktivitetar og utfordringar, og at denne innsikten med fordel kunne ha vore styrka. Til dømes blir det peikt på at det kunne ha vore hensiktsmessig om fylkesutvalet mottek meir og betre informasjon om arbeidet i dei ulike selskapa som fylkeskommunen eig, slik at det i større grad kunne ha forutsetningar for å setje seg inn i problemstillingar og utfordringar det er relevant at politistarane som eigarar kan vurdere å ta tak i.

5.4 Vurdering

Etter Deloitte si vurdering har Vestland fylkeskommune i samsvar med lovkrav, anbefalingar og eiga eigarskapsmelding, etablert tilstrekkelege rutinar for både å halde dei folkevalde jamleg oppdatert om drift og utvikling i spesifikke selskap, og for å sørge for kunnskap blant folkevalde om eigarskap og styring/forvaltning av desse. Etter Deloitte si vurdering har fylkeskommunen for det meste også sikra etterleving av dei rutinane som er etablert på dette området.

Deloitte vurderer samstundes at fylkeskommunen ikkje fullt ut lukkast med å etterleve etablerte rutinar. For inneverande valperiode har vore gjennomført begrensa med opplæring for folkevalde i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging. Deloitte registrerer at det er planlagt meir opplæring i 2026, i forkant av generalforsamlingsperioden. Etter Deloitte si vurdering vil det vere viktig at fylkeskommune følgjer opp denne planen, og sørgjer for at det blir gjennomført opplæring av folkevalde i eigarrolla, i samsvar med tilråding fra KS og føringar i eigarskapsmeldinga. Dette vil kunne vere viktig for å sikre at dei folkevalde har tilstrekkelig

¹⁵ Gjennomført av Deloitte AS.

kompetanse og innsikt til å følgje opp dei selskapa fylkeskommunen eig på ein tilfredsstillande måte.

6 Styresamansetting

6.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstilling:

Har Vestland fylkeskommune sikra ei føremålstenleg samansetning av styra i selskapa, og er styreutnemningane i samsvar med fylkeskommunen sine reglar for dette?

Under dette:

Blir det gjennomført systematiske styreevalueringar, og blir evalueringane brukt i arbeidet med rekruttering og opplæring av nye styremedlemmar?

6.2 Kontrollkriterium

Kontrollkriteria er utleia frå kommunelova § 21-1, aksjelova § 20-6, fylkeskommune si eigarskapsmelding (vedteke av fylkestinget), og KS sin tilrådingar om eigarstyring.

Vestland fylkeskommune *skal* sørge for at infrastruktur- og kollektivselskapa:

- Har eit styre som er i stand til å ivareta sine pliktar til å forvalte og føre tilsyn med selskapet på ein uavhengig måte (jf. aksjelova §§ 6-12 og 6-13).
- Har eit styre som er samansett i samsvar med krava til kjønnsbalanse (jf. kommunelova § 21-1 og aksjelova §§ 6-3 og 20-6).

Vestland fylkeskommune *bør* sørge for at infrastruktur- og kollektivselskapa:

- Har vedtektsfesta bruk av valkomité ved styreval (jf. KS tilråding 10, samt Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2024 – del 1, kap. 2.1. Valkomiteen bør:
 - Ha rutinar/retningsliner for sitt arbeid (jf. KS tilråding 10 og 12).
 - Sørge for at styret samla sett får naudsynt kompetanse, kapasitet og kjønnsbalanse (jf. KS tilråding 9, 11 og 12).
 - Utarbeide grunngevingar for sine nominasjonar (jf. KS tilråding 10).
- Gjennomfører styreevaluering kvart år (jf. KS tilråding 12) og vurderer behov for ekstern styreopplæring (jf. KS tilråding 12)

Sjå vedlegg 2 for utfyllande kontrollkriterium.

6.3 Datagrunnlag

6.3.1 Fylkeskommunen sine reglar for styreutnemning og -samansetting

Gjennom eigarskapsmeldinga del 1 har Vestland fylkeskommune stilt opp reglar, krav og forventningar til selskapa når det gjeld utnemning av styremedlemmar og samansetting av styre. Reglane blir kommunisert årleg til selskapa, gjennom oversending av eigarskapsmeldinga og tilhøyrande brev til alle selskapa der fylkeskommunen gjer greie for dei gjeldande reglane og krava, samt forventninga til selskapa om at krava blir etterlevd. Som nemnt tidlegare i rapporten, opererer fylkeskommunen med eit «følg eller forklar»-prinsipp, der

det i samsvar med føringane i eigarskapsmeldinga er forventa at selskapa rapporterer om ev. avvik frå dei reglane/krava fylkeskommunen stiller, under dette også når det gjeld reglar og krav for styreutnemning og -samansetting.

Av eigarskapsmeldinga til fylkeskommunen går mellom anna følgjande reglar og krav til styreutnemning og -samansetting fram:

- Selskapa skal, til ei kvar tid, ha eit høveleg samansett styre med den kompetansen selskapa treng for å drive føremålsretta, og på ein slik måte som høver seg for offentleg eigde selskap.
- Prosessen rundt eigarorganet sine val av styrekandidatar bør vere forsvarleg og gjennomtenkt, og handle om kompetanse og personlege eigenskapar. I prosessen bør det bli teke omsyn til mellom anna:
 - kva kompetanse og kapasitet det enkelte selskapet har behov for, og som ein derfor forventar av styremedlemmane.
 - at det blir oppnemnt styremedlemmar som evnar å opptre uavhengig både av eigarar, dagleg leiar og av andre aktørar selskapet har med å gjere (t.d. som oppdragsgjevar eller leverandør). Styremedlemmar som også er medlem av folkevalde organ kan ha relevant erfaring og kompetanse for styreverv, men det er i så fall viktig å vurdere kor ofte vedkommande kan bli inhabil og om det derfor vil vere lite føremålstenleg å velje den aktuelle personen til å sitje i styre i eit selskap.
 - krav til eller mål om kjønnsbalanse og/eller mangfald.
- Fylkeskommunen tilrår at selskap med fleire eigarar, etablerer og vedtektsfester ei ordning med valkomité. Generalforsamlinga/representantskapet bør i tillegg fastsette retningslinjer for valkomiteen, velje leiar og medlemmer, og fastsette eventuell godtgjersle for komiteen.
 - Komiteen bør jobbe langsiktig og bruke god tid på å kartleggje eigna styrekandidatar med den rette kompetansen og dei rette personlege eigenskapane.
 - Valkomiteen må også ivareta lovkrav, slik som krav om kjønnsbalanse.
 - Det er særskild viktig at valkomiteen, i sitt arbeid med å føreslå kandidatar til styret, har god kontakt med fylkeskommunen si eiga valnemnd, slik at fylkeskommunen si valnemnd føreslår styremedlemmer som støttar selskapet sine behov.
 - Det er vidare viktig at komiteen, i innstillinga til generalforsamlinga, grunngjev forslaga sine og gjer greie for nominasjonsprosessen. Grunngjevinga bør m.a. innehalde informasjon om kandidaten sin kompetanse, kapasitet og uavhengigheit.
- Styret bør med jamne mellomrom evaluere eige arbeid og vurdere behovet for opplæring i styrearbeid for selskapet.

6.3.2 Prosessar for identifisering av styrekandidatar og gjennomføring av styreval

I selskap fylkeskommunen eig aleine, er det fylkeskommunen si valnemnd som utgjer valkomiteen i samband med styreval, og som innstiller kandidatar til styreverv. I selskap fylkeskommunen eig saman med andre, skjer val av styremedlemmar i samsvar med dei prosessane som er etablert, som hovudregel gjennom valkomite som er etablert i dei ulike selskapa. Innspel frå Vestland fylkeskommune på aktuelle styrekandidatar som skal sitte i

styre på vegne av fylkeskommunen, er det fylkeskommunen si valnemnd som kjem med. I praksis er prosessen for å identifisere styrekandidatar som skal sitte i styra i dei ulike selskapa dermed i stor grad den same, uavhengig av eigarkonstruksjonen i selskapa.

Fylkeskommunen sin prosess for innstilling av deira kandidatar til styra i selskap dei har eigarskap i, startar som hovudregel med at selskapa sjølv (som har ansvaret for kalle inn til generalforsamlingar der nye styremedlemmar skal velgast), melder frå om at det er tid/behov for å velje nye styremedlemmar. Ettersom fylkeskommunen er ein stor eigar i dei fleste selskapa dei har eigarskap i, kan ein ofte oppnemne eller innstille på minst eitt eller to styremedlemmer, i samsvar med dei føresegn som følgjer av vedtektene til selskapa.

Det vidare arbeidet med å identifisere nye styremedlemmar som skal sitte i styre på vegne av fylkeskommunen, blir leia av valnemnda, med fylkesvaraordførar som nemndsleiar. Valnemnda sine oppgåver og arbeid er regulert av eit eige reglement, sist revidert og vedteke av fylkestinget i mars 2025. I reglementet er det stilt krav om at valnemnda skal grunngje sine forslag til kandidatar til styre i selskap skriftleg, samt at fylkeskommunen sitt reglement for sakshandsaming gjeld i samband med utarbeiding og framlegging av saker om val av styremedlemmar for fylkesting. Reglementet inneheld ellers ikkje andre skriftlege retningslinjer eller føringar for korleis valnemnda skal arbeide med identifisering av styrekandidatar, under dette til dømes at val av styremedlemmar skal gjerast basert på kompetanse og eignaheit elles, samt i høve til andre krav og føringar i eigarskapsmeldinga til fylkeskommunen. Undersøkinga viser at det heller ikkje er utarbeidd eigne retningslinjer (utanom reglementet for valnemnda), som omtalar korleis valnemnda skal arbeide for å sikre at fylkeskommunen identifiserer og innstiller mest mogleg kompetente og eigna styremedlemmar til styre i selskap fylkeskommunen eig, under dette infrastruktur- og kollektivtransportselskap.

I intervju opplyser leiar for valnemnda at nemnda i sitt arbeid med identifisering av eigna styrekandidatar, hentar inn innspel frå og diskuterer med både posisjon og opposisjon i fylkestinget. Valnemnda står fritt til å vurdere både fylkestingspolitikarar og personar utanfrå, men leiar for valnemnda opplyser at styremedlemmar som skal sitte i styre på vegne av fylkeskommunen, både generelt og i infrastruktur- og kollektivtransportselskap, som hovudregel blir rekruttert frå det politiske miljøet. Det førekjem imidlertid at det blir innstilt på styrekandidatar frå både frå administrasjonen og utanfrå fylkeskommunen, avhengig av selskapa sine føremål, innretning og behov. I tillegg til diskusjon med politisk nivå, har valkomiteen dialog med administrasjonen om kva slags kompetanse og bakgrunn som trengs i det enkelte styret for at selskapa sine interesser skal bli best mogleg ivareteke.

Leiar for valnemnda viser til at kompetanse og eignaheit sett opp mot selskapa sine føremål og kva selskapa arbeider med (både driftsmessig og når det gjeld framtidig utvikling) i dei fleste tilfella blir vekta tungt ved identifisering og innstilling av forslag til av styremedlemmar, både i selskap generelt og i infrastruktur- og kollektivtransportselskapa. Han peikar samstundes på at det også er ein viss grad av politisk representasjon i fleire styrrer. Der det blir informert frå selskapa om behov for bestemte styrekandidatar for å tilfredsstille krav til samla kjønnsbalanse i styra, blir også dette teke omsyn til i valnemnda sitt arbeid.

Når det gjeld bruk av valkomite i det enkelte selskap i samband med styreval, jf. tilrådingar fra KS, er dette noko fylkeskommunen gjennom eigarskapsmeldinga har gjeve tilråding til selskapa

om både å nytte og vedtektsfeste. Ein gjennomgang av dei sju selskapa i infrastruktur- og kollektivtransportsegmentet viser at 4 av 7 selskap har vedtektsfesta og bruker valkomite i samband med styrevalprosessen. Tre av selskapa har verken vedtektsfesta bruk av valkomite eller nyttar seg av dette. Dette gjeld Fremtidens Hurtigbåt AS (deleigd selskap saman med andre fylkeskommunar), Sunnhordland Lufthamn AS (deleigd selskap saman med Stord kommune) og HFK Bussanlegg AS (selskap heileigd av Vestland fylkeskommune). I intervju med styreleiarar og daglege leiarar i både selskap som har og selskap som ikkje har etablert valkomite, blir det frå fleire vist til at bruken av eigen valkomite ofte blir opplevd som ein formalitet som sikrar kjønnsbalanse og elles bekreftar innstillingane frå eigarane. Ingen av dei undersøkte selskapa har utarbeidd skriftlege rutinar/retningslinjer for valkomiteen sitt arbeid, og grunngjevingar av valkomiteen sine nominasjonar av styremedlemmar blir i liten grad utarbeidd, utover dei grunngjevingar som blir gjeve frå eigarane når dei kjem med innspel på styremedlemmar. Desse grunngjevingane blir gjennomgåande skildra som enkle og kortfatta.

6.3.3 Styresamansetting, -evaluering og -opplæring

Styresamansetting – kompetanse og kjønnsbalanse

Som det framgår av kapittel 6.3.2 over, peikar leiar for valnemnda i fylkeskommunen på at kompetanse og eignaheit i dei fleste tilfella blir vekta tungt ved identifisering og innstilling av forslag til av styremedlemmar. I intervju opplyser leiar for valnemnda samstundes at det å sikre at alle styremedlemmar har tilstrekkeleg kompetanse og er godt eigna for styreverv, i praksis kan vere ei utfordring, gitt den praksisen fylkeskommunen har, med eit betydeleg innslag av politisk representasjon. Også fylkesordførar viser til at det ikkje alltid er enkelt å sikre fullt ut tilfredsstillande kompetanse hos alle styremedlemmar i alle selskap. Fylkesordførar viser i denne samanhengen til at ettersom val av styremedlemmar til ein viss grad skjer på bakgrunn av politiske vurderingar, er det ikkje alltid at fylkeskommunen som eigar lukkast med å sikre ei optimal kopling av kompetanse til kvart enkelt styre. Fylkesordførar meiner difor at det kunne vore fordelaktig om Vestland fylkeskommune i større grad gjekk i retning av ein praksis der aktive fylkestingspolitikarar i mindre grad enn i dag representerer fylkeskommunen i styre i selskap, og at fylkeskommunen i større grad fokuserer på å identifisere styremedlemmar som ivaretek kompetansebehova i selskap.

I intervju med styreleiarar og daglege leiarar i infrastruktur- og kollektivtransportselskapa, blir dei same utfordringane knytt til sikring av kompetanse i styret trekt fram. Sjølv om selskapa i hovudsak gir uttrykk for å ha kompetente styremedlemmar, er det fleire av selskapa som viser til behov for spesialistkompetanse i styret som det er krevjande å dekke på ein god måte dersom ein i stor grad skal ta utgangspunkt i dei personane som til ei kvar tid er innvald i fylkestinget. Særleg blir det frå dei større selskapa Bybanen AS, Ferde AS og Skyttel AS vist til at selskapa har behov for spisskompetanse i styret som er tilpassa dei mål, ambisjonar, prosessar og utfordringar som selskapa arbeider med, t.d. juridisk kompetanse og kompetanse innan finans. Dagleg leiar i Ferde AS uttrykker i intervju at det kunne vore nyttig for selskapet å vedtektsfeste tydelegare krav til kompetanse i styret, for på denne måten bidra til å sikre at styret har den naudsynte kompetanse for å ivareta selskapet sine behov.

Som skildra i kapittel 6.3.1 og 6.3.2 over, har fylkeskommunen gjennom eigarskapsmeldinga stilt krav til at lovkrav om balansert kjønnsrepresentasjon i styre i selskap, samt etablert praksis for å ta omsyn til eventuelle behov for å sikre balansert kjønnsrepresentasjon i samband med

arbeidet med identifisering av nye styrekandidatar. I samband med eigarskapskontrollen har Deloitte gjennomgått styresamansettinga i infrastruktur- og kollektivtransportselskapa, og undersøkt kjønnsbalansen i styret i dei sju selskapa i dette segmentet. Resultata frå denne undersøkinga er oppsummert i tabellen under:

Tabell 4: Oversikt over kjønnsamansetting i styra i selskap innan infrastruktur og kollektivtransport

Selskap	Tal styremedlemmar	Kjønnsfordeling
Bybanen AS	7	3 kvinner og 4 menn
E134 Haukelivegen AS	10	4 kvinner og 6 menn
Ferde AS	8	4 kvinner og 4 menn
Fremtidens Hurtigbåt AS	4	0 kvinner og 4 menn
HFK Bussanlegg AS	3	1 kvinne og 2 menn
Skyttel AS	7	3 kvinner og 4 menn
Sunnhordland Lufthamn AS	5	1 kvinne og 4 menn

Styreevaluering og -opplæring

Gjennom eigarskapsmeldinga har fylkeskommunen stilt krav til styra i alle selskap den har eigardelar i om å evaluere eige arbeid med jamne mellomrom, og vurdere behovet for opplæring i styrearbeid for selskapet. I samband med oversending av dokumentasjon opplyser imidlertid fylkeskommunen at dei ikkje trur at alle styra faktisk gjennomfører slik evaluering, og at det er viktig at fylkeskommunen held fram med å følgje selskapa opp på dette. Når det gjeld opplæring i styrearbeid, viser fylkeskommunen i dokumentoversendinga til at den forventar at styra sørgjer for naudsynt opplæring til styremedlemmar der det blir identifisert behov for dette. Utover den styreopplæringa som inngår i fylkeskommunen si folkevaldopplæring i starten av kvar valperiode, har ikkje Vestland fylkeskommune sjølv etablert opplæring av styremedlemmar som har styreverv på vegne av fylkeskommunen.

I samband med eigarskapskontrollen har Deloitte gjennomgått arbeidet med styreevaluering og -opplæring i dei sju infrastruktur- og kollektivtransportselskapa, og undersøkt i kva grad dette blir gjennomført i samsvar med krav og forventningar frå Vestland fylkeskommune som eigar. Resultata frå denne undersøkinga er oppsummert i tabellen under:

Tabell 5: Arbeid med styreevaluering og -opplæring i infrastruktur- og kollektivtransportselskapa

Selskap	Gjennomføring av styreevaluering?	Styreopplæring/-rekruttering med basis i evaluering?
Bybanen AS	Blir opplyst at det blir gjennomført munnlege Ja. evalueringar i etterkant av dei fleste styremøte.	
E134 Haukelivegen AS	Ja, munnlege evalueringar.	Nei.

Ferde AS	Ja, årleg evaluering som blir dokumentert skriftleg.	Ja.
Fremtidens Hurtigbåt AS	Nei.	Nei.
HFK Bussanlegg AS	Nei.	Nei.
Skyttel AS	Ja, årleg evaluering som blir dokumentert skriftleg.	Ja.
Sunnhordland Lufthavn AS	Blir opplyst at det blir gjennomført munnlege evalueringar.	Ja.

Som tabellen viser, varierer det i kva grad og korleis selskapa gjennomfører styreevaluering, og om denne blir lagt til grunn for gjennomføring av styreopplæring. To av selskapa gjennomfører årleg evalueringar som blir dokumentert skriftleg, mens tre selskap opplyser om at dei gjennomfører munnleg evalueringar jamleg. Seks av dei sju selskapa opplyser at dei omsyn til forhold som kjem fram i evalueringane både i samband med vurdering av behov for og gjennomføring av styreopplæring, samt når selskapa gir innspel til fylkeskommunen si valnemnd og selskapa sin valkomite i samband med val av nye styremedlemmar.

Selskapa Fremtidens Hurtigbåt AS og HFK Bussanlegg AS har ikkje gjennomført evalueringar av styret sitt arbeid dei siste åra. I intervju med styreleiar i HFK Bussanlegg AS blir det opplyst at styret over tid har hatt god og dekkande kompetanse sett opp mot selskapet sine (begrensa) behov, og at det difor ikkje har blitt vurdert som naudsynt verken å evaluere styret sitt arbeid eller gjennomføre opplæring av styremedlemmar. Når det gjeld Fremtidens Hurtigbåt AS, blir det i intervju vist til at ettersom selskapet (som tidlegare nemnt) ikkje har teke steget over i aktiv drift i samsvar med bakgrunnen for stiftinga og selskapet sitt føremålet, ikkje har blitt vurdert å vere behov for å evaluere styre sitt arbeid eller gjennomføre styreopplæring.

I intervju blir det trekt fram av fleire at det i tillegg til den rette fagkompetansen, er viktig at styremedlemmar også har god kunnskap om styrearbeid generelt og ei god forståing av kva som ligg i rolla som styremedlem. Fleire av styreleiarane trekk fram at dei i nokre tilfelle har opplevd utfordringar kring rolleforståinga til enkelte styremedlem, og at ikkje alle styremedlemmar alltid har evna å skilje rolla som styremedlem frå rolla som eigarrepresentant for fylkeskommunen. Enkelte trekk også fram at det i nokre tilfelle har vore krevjande å sikre god kontinuitet og vidareføring av kompetanse og forståing for det enkelte selskap i samband med utnemning av nye styremedlemmar i fleire av selskapa.

Leiar for valnemnda viser i intervju til at det nok er forbettringspotensial når det gjeld opplæring av styremedlemmar både frå fylkeskommunen og for enkeltstående selskap, og peiker på det kunne vore nyttig å etablere meir systematisk opplæring og betre mekanismar for å sikre både tilstrekkeleg fagkompetanse og god rolleforståing for samtlege styremedlemmar som har styreverv på vegne av fylkeskommunen, på tvers av alle selskap i ulike segment av eigarskapsporteføljen.

6.4 Vurdering

Etter Deloitte si vurdering har Vestland fylkeskommune i hovudsak sikra ei føremålstenleg samansetting av styra i infrastruktur- og kollektivtransportselskapa, som ivaretek krav om kjønnsbalanse og sett styra i stand til å ivareta sine pliktar til å forvalte og føre tilsyn med selskapet på ein uavhengig måte. Samstundes kjem det i undersøkinga fram avvik i enkelte

selskap (Fremtidens Hurtigbåt AS (krav om maksimalt 2 personar av same kjønn) og Sunnhordland Lufthamn AS (krav om maksimalt 3 personar av same kjønn) frå kravet som følgjer av aksjelova §§ 6-3 og 20-6 om balansert kjønnsrepresentasjon i styret, jf. kommunelova § 21-1. Etter Deloitte si vurdering må fylkeskommunen sikre at krav til balansert kjønnsrepresentasjon i styra blir ivareteke for alle infrastruktur- og kollektivtransportselskapa.

Vidare er det Deloitte si vurdering av utnemning av styremedlemmar i infrastruktur- og kollektivtransportselskapa berre delvis skjer i samsvar med dei prinsippa fylkeskommunen har sett opp for dette gjennom eigarskapsmeldinga. Undersøkinga viser at eit fleirtal av selskapa har vedtektsfesta og sikra at det blir nytta valkomite ved styreval, men samtidig at tre selskap verken har vedtektsfesta bruk av valkomite eller nyttar valkomite i samband med val av medlemmar til styret. Deloitte meiner det er viktig at fylkeskommunen held fram med å følgje opp selskapa på desse punkta (enten direkte (der fylkeskommunen eig aleine) eller gjennom å ta initiativ i generalforsamling (der fylkeskommunen eig saman med andre), for å sikre at selskapa i samband med utnemning av medlemmar til styra, opptrer i samsvar med dei prinsippa fylkeskommunen arbeider etter som eigar har stilt opp. Deloitte meiner også at fylkeskommunen bør følgje opp selskapa på tilsvarende måte (direkte i eller gjennom initiativ i generalforsamling når det gjeld utarbeiding av rutinar/retningslinjer for valkomiteen sitt arbeid, samt utarbeiding av skriftlege grunngjevingar av valkomiteen sine nominasjonar av styremedlemmar, jf. KS sine tilrådingar. Som undersøkinga viser, har ingen av selskapa i undersøkinga etablert skriftlege rutinar/retningslinjer eller sørga for skriftlege grunngjevingar av styrenominasjonar frå valkomiteen.

I tilknytning til det ovanståande avsnittet, blir det i samband med verifisering av rapporten etter eigarskapskontrollen opplyst frå fylkeskommunen om at det i fylkestinget 17 juni 2025 blei fatta følgjande vedtak angåande styreval:

1. Vestland fylkeskommune meiner at bruk av valnemnd i verksemdar er god eigarstyring og bidreg til å sikre gode styrer i verksemdene, i tråd med eigarskapsmeldinga. Fylkestinget vedtek anten forslag til styremedlem («medlemsforslag»/«kandidat») eller peiker ut styremedlem direkte.

Forslag til styremedlem («medlemsforslag»/«kandidat») må sjåast på som eit viktig innspel til verksemda si valnemnd. Fylkeskommunen si representant er ikkje bunden til å røyste for forslaget frå fylkestinget, men må ta ei konkret vurdering på den einskilde generalforsamling.

Vedtek fylkestinget direkte nominering til styremedlem, vil representanten i generalforsamlinga bli bunden av fylkestinget sitt vedtak.

2. Fylkesdirektøren skal i samband med Eigarskapsmeldinga 2025 søkje å tydeleggjere kva selskap fylkeskommunen bør vere representert i styret, og om det ved val til styret er føremålsteneleg med direkte nominering frå fylkestinget eller bruk av valkomité.

Når det gjeld gjennomføring av styreevaluering i infrastruktur- og kollektivtransportselskap, samt bruk av gjennomførte evalueringar i samband med rekruttering og opplæring av styremedlemmar, er det Deloitte si vurdering at ikkje alle selskapa utfører dette i samsvar med tilrådingane frå KS. Deloitte merkar seg imidlertid at dei to selskapa som ikkje har utført

styreevalueringar, er HFK Bussanlegg AS og Fremtidens Hurtigbåt AS, og at nøkkelpersonar i desse to selskapa viser til at det grunna selskapa sin driftssituasjon (svært avgrensa/liten drift), ikkje blir opplevd å vere særleg behov for å gjennomføre dedikerte evalueringar av styret sitt arbeid.

7 Konklusjon og tilrådingar

Overordna konklusjon

Føremålet med prosjektet har vore å undersøke om Vestland fylkeskommune har etablert ei eigaroppfølging av infrastruktur- og kollektivselskapa i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, eigne vedtak og rutinar. Som ein del av dette har det blitt undersøkt om fylkeskommunen har etablert eigarstrategiar med tydelege mål, krav og forventningar for infrastruktur- og kollektivselskapa, samt om selskapa har blitt følgt opp i samsvar med etablert eigarstyringsrutinar og dei krava og føringane fylkeskommunen har gjeve. Vidare har det blitt undersøkt om det er etablert ei tydeleg og velfungerande rolle- og ansvarsdeling i fylkeskommunen når det gjeld oppfølging av infrastruktur- og kollektivselskapa. Det har og blitt undersøkt om fylkeskommunen har sikra tilstrekkelege rutinar for å halde folkevalde organ jamleg oppdatert om drifta og utviklinga i selskapa, samt ei føremålstenleg samansetning av styra i selskapa i samsvar med fylkeskommunen sine reglar for dette.

I høve til dette føremålet, viser undersøkinga etter Deloitte si vurdering at at Vestland fylkeskommune har etablert ei eigarstyring og -oppfølging av dei sju infrastruktur- og kollektivtransportselskap¹⁶ som for det meste er i samsvar med regelverk, etablerte normer for eigarstyring og -oppfølging, samt fylkeskommunen sine eigne vedtak og etablerte rutinar. Samstundes er det identifisert enkelte manglar og svakheiter i eigarstyringa, som Deloitte tilrår at fylkeskommunen følgjer opp. Desse er knytt til styrande dokument og kjønnsamansetning av styra i enkelte av selskapa, etterleving av etablerte fylkeskommunale rutinar for oppfølging av selskapa og opplæring av folkevalde i eigarstyring. Dei sentrale funna og vurderingane som denne konklusjonen bygger på, er oppsummert nedanfor.

- **Vestland fylkeskommune har i hovudsak har sikra tydelege ytre rammer, mål, krav og forventningar for dei ulike infrastruktur- og kollektivtransportselskapa. Det er likevel identifisert svakheiter i styrande dokument for enkelte av selskapa.**

Gjennom eigarskapsmeldinga, selskapa sine vedtekter og eigne strategidokument for selskapa, har fylkeskommunen etter Deloitte si vurdering i hovudsak sikra tydelege mål, krav, forventningar og strategisk retning for dei sju infrastruktur- og kollektivtransport. Dei utarbeidde dokumenta ivaretek for det meste både lovkrav i kommune- og aksjelova, fylkeskommunen sine eigne eigarprinsipp, og tilrådingar KS som gjeld eigarskap og selskapsleiing.

Samstundes er det i undersøkinga identifisert enkelt svakheiter i dei styrande dokumenta for selskapa. I undersøkinga kjem det fram at ikkje alle selskapa sine vedtekter inneheld føresegn om innkallingsfrist til generalforsamling (jf. KS tilråding 8), eller har vedtektsfesta bruk av valkomité ved styreutnemningar i selskapa (jf. KS tilråding 10). Undersøkinga viser også at Vestland fylkeskommune, jf. KS sine tilrådingar, ikkje har utarbeidd felles eigarskapsstrategiar for alle dei selskapa fylkeskommunen eig saman med andre kommunar/fylkeskommunar.

¹⁶ Bybanen AS, HFK Bussanlegg AS, Skyttel AS, Ferde AS, Fremtidens Hurtigbåt AS, Sunnhordland Lufthamn AS og E134 Haukelivegen AS.

Etter Deloitte si vurdering bør fylkeskommunen som eigar følgje opp alle desse forholda, for å sikre mest mogleg fullstendige rammer for og tydelege krav til selskapa sitt arbeid.

- **Vestland fylkeskommune har etablert ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling når det gjeld oppfølging av infrastruktur- og kollektivtransportselskapa, som er godt eigna til å sikre at fylkeskommunen ivaretek lovkrav og eigne eigarprinsipp.**

Deloitte vurderer at rolle- og ansvarsdelinga som er etablert også fungerer tilfredsstillande i praksis, gjennom at den sikrer at fylkeskommunen stiller på generalforsamling med fullmektig eigarrepresentant med skriftleg fullmakt. I dei tilfella der fylkeskommunen praktiserer at ein tilsett i administrasjonen ivaretek eigarrepresentantfunksjonen, er det Deloitte si vurdering at dette innanfor infrastruktur- og kollektivtransportområdet skjer i samsvar med KS sine tilrådingar, dvs. i selskap som har utføring av reine driftsoppgåver som føremål (gjeld kun HFK Bussanlegg AS i dette segmentet av selskapsporteføljen).

Vidare er det Deloitte si vurdering at den administrative støttefunksjonen fylkeskommunen har etablert, i samsvar med KS sine tilrådingar, er innretta på ein måte og med eit omfang som sikrar at fylkeskommunen held oversikt over alle generalforsamlingar som skal gjennomførast i infrastruktur- og kollektivtransportselskap, at relevant informasjon om og frå selskapa blir henta inn og at relevante saker om eigarskap blir lagt fram for fylkestinget.

- **Vestland fylkeskommune har system og rutinar for eigarstyring som i hovudsak sikrar at infrastruktur- og kollektivtransportselskapa blir følgt opp i samsvar med lovkrav, normar og eigne eigarprinsipp, men det er avdekt enkelte manglar i etterleving av rutinane.**

Etter Deloitte si vurdering sikrar dei system og rutinar fylkeskommunen har etablert for eigarstyring i all hovudsak at det for dei kontrollerte selskapa blir gjennomført tidsriktige generalforsamlingar som tilfredsstiller krava i aksjelova § 5-5, at fylkeskommunen stiller i generalforsamling med fullmektig med skriftleg fullmakt i samsvar med aksjelova § 5-2, at eigarrepresentant er ein sentral folkevalde i dei selskapa der dette er vurdert å vere formålstenleg, jf. tilråding frå KS, og at det blir gjennomført uformelle eigarmøte, jf. tilråding frå KS. Deloitte meiner at rutinane for eigarstyring og -oppfølging er hensiktsmessige for å bidra til at fylkeskommunen følgjer opp og kontrollerer om infrastruktur- og kollektivtransportselskapa arbeider i høve til og ivaretek krav og føringar fylkeskommunen som eigar har gjeve.

I undersøkinga kjem det samstundes fram enkelte manglar og svakheiter i eigarstyringa, under dette at det i eit selskap (Fremtidens Hurtigbåt AS) ikkje er gjennomført generalforsamlingar i kontrollperioden og det ikkje er dokumentert gjennomført eigarmøte med alle selskapa i porteføljen. Deloitte vurderer at fylkeskommunen må sikre at aksjelova sin krav til gjennomføring av generalforsamling blir etterlevd, og at fylkeskommunen bør vurdere om hyppigare, regulære eigarmøte med utvalde selskap vil kunne vere nyttig med omsyn til å sikre enda betre gjensidig informasjonsutveksling, forventningsavklaringar og drøfting av utvikling og rammar for selskapa.

- **Vestland fylkeskommune har etablert tilstrekkelege rutinar for å halde dei folkevalde jamleg oppdatert om drift og utvikling i selskapa, og for å sørge for kunnskap blant dei**

folkevalde om eigarskap- og styring. Det er imidlertid ikkje gjennomført tilfredsstillande opplæring for folkevalde i eigarstyring i inneverande valperiode.

Deloitte meiner at dei rutinar for rapportering til folkevalde organ som fylkeskommunen har etablert, tilfredsstillar både lovkrav, tilrådingar frå KS og prinsippa i fylkeskommunen si eiga eigarskapsmelding. Etter Deloitte si vurdering har fylkeskommunen for det meste også sikra etterleving av dei rutinane som er etablert på dette området.

For inneverande valperiode var det planlagt, men ikkje gjennomført opplæring for folkevalde i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging. Etter Deloitte si vurdering bør fylkeskommunen følgje opp dette, for å sikre at dei folkevalde har tilstrekkelig kompetanse og innsikt til å følgje opp dei selskapa fylkeskommunen eig på ein tilfredsstillande måte, i samsvar med både regelverk og prinsipp, krav og føringar som fylkestinget sjølv har vedteke.

➤ **Vestland fylkeskommune har i hovudsak sikra ei føremålstenleg samansetting av styra i infrastruktur- og kollektivtransportselskapa som ivaretek relevante krav, men bør sikre at identifiserte avvik frå gjeldande krav blir følgt opp.**

Samansetting av styra i selskapa som inngår i undersøkinga, tilfredsstillar for det meste krav om kjønnsbalanse og å sette styra i stand til å ivareta sine pliktar til å forvalte og føre tilsyn med selskapa på ein uavhengig måte.

Samstundes kjem det i undersøkinga fram avvik i enkelte selskap (Fremtidens Hurtigbåt AS (krav om maksimalt 2 personar av same kjønn) og Sunnhordland Lufthamn AS (krav om maksimalt 3 personar av same kjønn) frå kravet som følgjer av aksjelova §§ 6-3 og 20-6 om balansert kjønnsrepresentasjon i styret, jf. kommunelova § 21-1. Etter Deloitte si vurdering må fylkeskommunen sikre at krav til balansert kjønnsrepresentasjon i styra blir ivareteke for alle infrastruktur- og kollektivtransportselskapa.

Vidare er det Deloitte si vurdering av utnemning av styremedlemmar i infrastruktur- og kollektivtransportselskapa berre delvis skjer i samsvar med dei prinsippa fylkeskommunen har sett opp for dette gjennom eigarskapsmeldinga. Undersøkinga viser at eit fleirtal av selskapa har vedtektsfesta og sikra at det blir nytta valkomite ved styreval, men samtidig at tre selskap verken har vedtektsfesta bruk av valkomite eller nyttar valkomite i samband med val av medlemmar til styret. Deloitte meiner det er viktig at fylkeskommunen held fram med å følgje opp selskapa på desse punkta (enten direkte (der fylkeskommunen eig aleine) eller gjennom å ta initiativ i generalforsamling (der fylkeskommunen eig saman med andre), for å sikre at selskapa i samband med utnemning av medlemmar til styra, opptre i samsvar med dei prinsippa fylkeskommunen arbeider etter som eigar har stilt opp. Deloitte meiner også at fylkeskommunen bør følgje opp selskapa på tilsvarande måte (direkte i eller gjennom initiativ i generalforsamling når det gjeld utarbeiding av rutinar/retningsliner for valkomiteen sitt arbeid, samt utarbeiding av skriftlege grunngjevingar av valkomiteen sine nominasjonar av styremedlemmar, jf. KS sine tilrådingar.

Tilrådingar

Basert på funn og vurderingar i eigarskapskontrollen, tilrår Deloitte at Vestland fylkeskommune set i verk følgjande tiltak:

1. Følgjer opp selskapa, gjennom eigarorgana, når det gjeld:

- a) vedtektsfesting av innkallingsfrist til generalforsamling og bruk av valkomite ved styreval,
 - b) utarbeiding av rutinar/retningsliner for valkomiteen sitt arbeid, og skriftlege grunngjevingar av valkomiteen sine nominasjonar av styremedlemmar.
2. Vurderer å utarbeide felles eigarskapsstrategiar dei selskapa fylkeskommunen eig saman med andre kommunar/fylkeskommunar.
 3. Sikrar at det blir gjennomført generalforsamling i alle infrastruktur- og kollektivtransportselskapa, jf. krav i aksjelova.
 4. Vurderer om og ev. i kva grad det bør gjennomførast fleire/meir regulære eigarmøte enn i dag med fleire av infrastruktur- og kollektivtransportselskapa.
 5. Vurderer å gjennomføre ei konkret vurdering av kva grad/nivå av oppfølging og kontroll fylkeskommunen skal ha ovanfor dei ulike selskapa innanfor infrastruktur- og kollektivtransportsegmentet.
 6. Sørger for at det blir gjennomført tilstrekkeleg opplæring av folkevalde i eigarrolla, i samsvar med tilråding fra KS og føringar i eigarskapsmeldinga.
 7. Sikrar at krav til balansert kjønnsrepresentasjon i styra blir ivareteke for alle infrastruktur- og kollektivtransportselskapa.

Vedlegg 1: Høyringsuttaler



DELOITTE AS
Postboks 221 Sentrum
0103 OSLO

Avdeling for
Organisasjon og økonomi (ORO)

Dato	29.08.2025
Vår referanse	2024/10862-23
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Pernille Moseng Rieber
E-post	Pernille.Moseng.Rieber@vlfk.no
Telefon	

Høyringsuttale på rapport frå eigarskapskontroll av infrastruktur- og kollektivtransportselskap i Vestland fylkeskommune

Fylkesdirektøren syner til rapport frå eigarskapskontroll av infrastruktur- og kollektivtransportselskap i Vestland fylkeskommune, sendt på høyring 18.08.25 og med svarfrist 01.09.25.

Fylkesdirektøren meiner rapporten gjev ei dekkande oppsummering av fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning av infrastruktur- og kollektivselskap, og at dei tilrådde tiltaka i punkt 1-7 vil vere føremålstenlege og proporsjonale.

Med helsing

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
direktør
Organisasjon og økonomi (ORO)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Postadresse
Askedalen 2
6863 Leikanger

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Heimeside
www.vestlandfylke.no

EHF-Fakturaadr. Organisasjonsnr.
821311632 821 311 632

I samband med høyringa, har Deloitte vidare motteke følgjande e-post frå styreleiar for Fremtidens Hurtigbåt AS:

Hei

Det er en omfattende rapport dere har utarbeidet, som omfatter flere selskap og dermed er lite tilrettelagt for å kontrollere opplysningene knyttet til ett selskap.

Fremtidens hurtigbåt AS er eid av fire fylkeskommuner og ble etablert som forberedelse for et planlagt samarbeid om å bygge pilotfartøy (hurtigbåter). Når fire fylkeskommuner skal etablere et selskap sammen er dette en tidkrevende prosess, og det var derfor nødvendig å etablere selskapet før det var gjort endelige vedtak om bygging av pilotfartøyene. Styret ble midlertidig satt sammen av administrative ledere fra hver fylkeskommune, i påvente av at eierne skulle velge et nytt styre, før selskapet skulle fylles med innhold. Samarbeidsplanene om å bygge pilotfartøy i fellesskap er forlatt, og selskapet har aldri hatt et reelt innhold eller aktiv drift.

Fremtidens hurtigbåt AS har gjennomført generalforsamling og styremøte i sommer og gjort vedtak om oppløsning. Arbeidet med oppløsning pågår.

Med vennlig hilsen / Varrudagáj

Odd Inge Bardal

Fylkesdirektør Transport og infrastruktur

+4790254929  www.nfk.no



Sammen bygger vi attraktive og inkluderende samfunn /
Aktan mij hábbmip bisselis ja moattebelak sebrudagáv

I tillegg har Deloitte fått tilbakemelding frå styreleiar i HFK Bussanlegg AS om at selskapet ikkje hadde behov for å komme med høyringsuttale til rapporten.

Deloitte har ellers ikkje motteke andre høyringsuttaler eller tilbakemeldingar frå andre selskap som har inngått i undersøkinga.

Vedlegg 2: Kontrollkriterium

Kommunelova

Kommunelova § 26-1 stiller krav om at fylkeskommunen minst éin gong i valperioden skal utarbeide ei eigarskapsmelding som blir vedtatt av kommunestyret. Denne eigarskapsmeldinga skal innehalde:

- «a) kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring
- b) en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i
- c) kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b.»

I samsvar med kommunelova § 25-1 skal fylkeskommunen ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lovar og forskrifter blir følgd. Kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen. Ved internkontroll etter § 25-1 skal kommunedirektøren:

- «a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll»

I kapittel 21 i kommunelova, er det stilt krav om representasjon av begge kjønn i styret i aksjeselskap, jf. reglene i aksjelova. Følgjande går fram om dette i lova (§ 21-1):

«Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder på tilsvarende måte for aksjeselskaper der kommuner og fylkeskommuner til sammen eier minst 2/3 av aksjene. Departementet kan gi forskrift om at første punktum også skal gjelde for aksjeselskaper som kommuner eller fylkeskommuner eier under 2/3 av, når resten av selskapet er eid av staten eller av selskaper som direkte eller indirekte er heleid av staten.»

Aksjelova

Aksjelova inneheld ei rekkje føresegn av betydning for kommunen si eigarstyring av aksjeselskap. Aksjelova § 2-2 første ledd fastsett minstekrav til kva vedtekter i eit aksjeselskap skal innehalde. Dei er: selskapet sitt føretaksnamn, kommunen der forretningskontoret ligg, selskapet si verksemd, aksjekapitalen sin storleik jf. § 3-1, samt aksjane si pålydande

(nominelle beløp), jf. § 3-1. § 3-4 stiller krav om at selskapet skal ha ein eigenkapital og likviditet som til ei kvar tid er forsvarleg sett opp mot risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet.

Kapittel 5 handlar om generalforsamlinga, som er aksjeselskapa si øvste myndigheit (§ 5-1). Styret og andre organ pliktar å følgje generalforsamlinga sine vedtak og instruksar, og generalforsamlinga kan overprøve styret sine vedtak. Ein aksjonær og eit morselskap har følgeleg òg ei styringsmoglegheit ovanfor dotterselskap, ved å ha bestemmande innverknad på generalforsamlinga.

Jamfør aksjelova § 5-2 har aksjeeigaren rett til å delta på generalforsamlinga og kan møte sjølv, eller ved fullmektig etter eige val. Fullmektig skal leggje fram skriftleg fullmakt. Ordinær generalforsamling skal handsame saker som årsrekneskap, årsberetning, utbyte og andre saker som etter vedtektene skal handsamast, og skal gjennomførast innan seks månader etter utgangen av kvart rekneskapsår (§ 5-5). I § 5-16 andre ledd går det m.a. fram at generalforsamlinga sine avgjersler skal gå fram av protokollen.

Styremedlemmane blir vald av generalforsamlinga, som også avgjer om det skal veljast varamedlemmar (jf. § 6-3 første ledd). Styremedlemmar tenestegjer i to år og tenestetida kan i vedtektene settast kortare eller lenger, herunder på ubestemt tid (jf. § 6-6). I aksjelova § 6-12 går det fram at:

- (1) Forvaltningen av selskapet hører under styret. Styret skal sørge for forsvarlig organisering av virksomheten.
- (2) Styret skal i nødvendig utstrekning fastsette planer og budsjetter for selskapets virksomhet. Styret kan også fastsette retningslinjer for virksomheten.
- (3) Styret skal holde seg orientert om selskapets økonomiske stilling og plikter å påse at dets virksomhet, regnskap og formuesforvaltning er gjenstand for betryggende kontroll.

§ 6-13 blir tilsvarende omtalt som «tilsynsansvaret». Det går fram av § 6-13 at styret sitt tilsynsansvar inneber at styret skal føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Styret kan fastsette instruks for den daglege leiinga.

Ifølgje § 6-14 skal dagleg leiing stå for den daglege leiinga av selskapet si verksemd, samt følgje dei retningslinjer og pålegg som styret gir. Vidare går det fram at den daglege leiinga ikkje omfattar saker som etter selskapet sitt forhold er av uvanleg art eller stor betydning. I tillegg skal dagleg leiar sørgje for at selskapet sin rekneskap er i samsvar med lov og forskrift, samt at formueforvaltinga er ordna på ein tryggande måte. Minst kvar fjerde månad skal dagleg leiar, i møte eller skriftleg, gje styret underretning om selskapet si verksemd, stilling og resultatutvikling, jf. § 6-15. Vidare kan styret, eller einskilte styremedlemmar, til ei kvar tid krevje at dagleg leiar gir styret ei nærare utgreiing om bestemte saker.

Aksjelova § 6-23 første ledd held fram at styret skal fastsette ein styreinstruks i selskap som har representantar frå dei tilsette i styret. Styreinstruksen skal gi nærare reglar om styret sitt arbeid og sakshandsaming.

KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll

KS har fastsett 21 tilrådingar for god eigarstyring og selskapsleiing i kommunal sektor¹⁷, som vil bli nytta som kontrollkriterium. Under er eit utval av tilrådingane presentert:

Tilråding 3: «For å styrkje det kommunale eigarskapet blir det tilrådd at kommunestyret eller fylkestinget får tid til kompetanseutvikling, til dømes ved å halde eigarskapsseminar for alle folkevalde tidleg i perioden».

Tilråding 4: «Kommunestyret eller fylkestinget bør årlig få en rapport om tilstanden (økonomi, spesielle forhold osv.) for selskapene.»

Slik rapportering bør inngå i eigarskapsmeldinga, jf. kommunelova § 26-1. Det blir peika på at loven sine krav om innhaldet i eigarskapsmeldinga er minimumskrav, og at eigarskapsmeldinga kan vere meir omfattande og innhaldsrik. Vidare tilrår KS følgjande:

«Det bør også utarbeides en felles eierskapsmelding med andre medeiere hvis kommunen eller fylkeskommunen er medeier i flere selskaper sammen med andre kommuner eller fylkeskommuner. En slik eierskapsmelding vil sikre felles føringer fra eierne der det er mulig.»

Under tilråding 4 går det også fram at fylkeskommunen bør ha ein administrativ støttefunksjon tilpassa omfanget på kommunen sin eigarskapsportefølje, med ansvar for å innhente informasjon og førebu eigarskapssaker for kommunestyre

Tilråding 5: «Kommunestyret eller fylkestinget skal utarbeide og bør jevnlig revidere styringsdokumentene og avtalene som regulerer styringen av selskapet.»

Tilråding 6: «KS tilrår at det jamleg blir gjennomført eigarmøte for å bidra til god kunnskap om og dialog med selskapet».

Tilråding 7: «Avhengig av selskapets formål, anbefales det som en hovedregel at kommunestyret eller fylkestinget oppnevner sentrale folkevalgte som selskapets eierrepresentanter i eierorganet.»

Med andre ord tilrår KS at fylkestinget som hovudregel bør oppnemne sentrale folkevalde som eigarrepresentantar i eigarorganet. Dette mellom anna for å forenkle samhandlinga og kommunikasjonen mellom fylkestinget og eigarorganet.

Tilråding 8: «Bestemmelser om innkallingsfrist bør tas inn i vedtektene, slik at det tas hensyn til kommunens eller fylkeskommunens behov for å ha tid til å behandle aktuelle saker.» Aksjelova § 7-5 fastsett at: «Revisor skal delta i generalforsamlingen når de saker som skal behandles, er av en slik art at dette må anses som nødvendig.»

Tilråding 9: «Eier bør gjennom selskapets eierorgan sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskapets formål og virksomhet. Vurder også spørsmål om

¹⁷ 2 KS: Tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll (2023)

habilitet i valg av styremedlemmer. Det anbefales at selskapet sikrer opplæring av styremedlemmene.»

KS peikar vidare på at kommunen som eigar også har eit ansvar for å sørge for at styret i selskapet samla sett har den kompetansen som trengs. KS tilrår at styret bør ha kompetanse innan økonomi, organisasjon, marknaden selskapet opererer i, fagleg innsikt, og interesse for selskapets formål. KS understrekar at styreverv er personlege, som betyr at styremedlemmar berre representerer seg sjølve – ikkje parti, enkeltkommunar, eller andre interessentar – og at dei skal ivareta selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane.

Tilråding 10: «Det bør fastsettes i vedtektene eller selskapsavtalen at valg av styrer i eller fylkeskommunalt eide selskaper bør skje ved bruk av valgkomité. Det bør lages retningslinjer som regulerer komitéens arbeid.»

KS tilrår kommunen å vedtektsfesta bruk av valkomité ved styreutnemningar og utarbeide rutinar for valkomiteens arbeid. Valkomiteen bør ha dialog med styret før forslag til strykekandidatar blir presentert, og valkomiteen bør grunngi sine nominasjonar. For å sikre kontinuitet bør ein normalt sett ikkje bytte ut heile styret på ein gong. Vidare bør det utarbeidast rutinar for å sikre nødvendig kompetanse i styret, ein bør sørge for balansert kjønnsrepresentasjon i styret, og det bør oppnemnast numeriske vararepresentantar til styret. KS tilrår også at sentrale folkevalde, samt kommunedirektør, ikkje sit i styre til selskap, og at styremedlem i morselskap ikkje sit i styra til dotterselskap.

Tilråding 11: «Eierorganet bør uavhengig av organisasjonsform tilstrebe balansert kjønnsrepresentasjon i styret. Kjønnsbalansen bør sikres både blant de faste medlemmene til styret og blant varamedlemmene.»

Tilråding 12: «Eier bør anbefale styret jevnlig å vurdere egen kompetanse ut fra eiernes formål med selskapet. Styret bør derfor etablere rutiner for å sikre nødvendig kompetanse.»

KS understrekar at eigar har ansvar for å sikre at styret har den naudsynte kompetansen for å nå selskapet sine mål. For å sikre dette, blir det tilrådd at styret etablerer rutinar for å

- Gjennomføre eigenevaluering kvart år.
- Vurdere behovet for ekstern styreopplæring.
- Gjennomføre eigne styreseminar om roller, ansvar og oppgåver.
- Fastsette ein årleg plan, under dette møteplan, for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- Gi ei samla utgreiing for selskapet si styring og leiing i ein årsrapport.

Tilråding 16: «Kommunen eller fylkeskommunen bør i forbindelse med utarbeidelse av eierskapsmelding ha en prinsipiell diskusjon om godtgjøring av styreverv. Denne bør danne grunnlag for eierorganets fastsetting av styrehonorar.»

Tilråding 19: «Sørge for at selskapsstyrene utarbeider og jevnlig reviderer etiske retningslinjer for selskapsdriften. Kommunens eller fylkeskommunens selskaper bør ha en aktiv og bevisst holdning til etiske spørsmål, gjerne fastlagt i egne etiske retningslinjer som utarbeides for og brukes aktivt i det enkelte selskap.»

Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2024 – del 1

Vestland fylkeskommune si vedtekne eigarskapsmelding, stiller ei rekke krav til korleis fylkeskommune som eigar skal opptre ovanfor selskapa den har eigardelar i, samt korleis eigarstyringa til fylkeskommunen skal innrettast og gjennomførast.

Av eigarskapsmeldinga kapittel 1.3 Stifting av selskapet, går det fram at når den samla vurderinga er at eigarskap er det mest føremålstenlege verkemiddelet for å nå fylkeskommunen sine mål, så er det viktig å innrette eigarskapet på ein føremålstenleg måte. Dette inneber mellom anna som eigar å sikre at selskapet vert utstyrt med høvelege vedtekter eller selskapsavtale i tråd med krav i selskapslovgjevinga, og som også utfyller selskapslovgjevinga der det er høve til- og behov for det.

Av kapittel 2.1 Regelverksetterleving og forsvarleg drift, går det fram at selskap, samarbeid og samvirkeføretak fylkeskommunen har eigarskap i/deltek i skal følgje dei lovene og reglane som gjeld for selskapet/samarbeidet/føretaket. Dette omfattar mellom anna krav til tilrettelegging for deltaking frå eigar i selskapa sine eigarorgan, sikring av kompetanse og kjønnsbalanse i styre i selskapa, vedtektsfesting av bruk av valkomite i ved styreval mv.

Kapittel 3.1 omtaler fylkeskommunen si eigarskapsutvøing og kommunikasjon. Her er det mellom anna trekt fram at aksjonærar skal utøve sitt eigarmynd i samsvar med selskapslovgjevinga, dvs. i eigarorganet i selskapa. Det er også vist til at det i tillegg er ønskjeleg at det blir gjennomført jamlege eigarmøte for m.a. informasjonsutveksling, forventningsavklaringar og drøftingar.

I kapittel 3.2 Eigarrepresentasjon i og rapportering frå møte er det oppsummert kven som er fylkeskommunen sin eigarrepresentant i henhold til reglement vedteke av fylkestinget, samt korleis det skal arbeidast for å sikre at eigarrepresentant får avstemt korleis hen skal stemme i ulike saker i forkant av møte i eigarorgana. Det er også presisert korleis rapportering frå gjennomførte eigarmøte skal gjennomførast, samt tidsfristar eigarrepresentant skal sikre at det rapporterst innan.

Kapittel 3.11 i eigarskapsmeldinga oppsummerer fylkeskommunen sine eigarprinsipp. Følgjande prinsipp skal ligge til grunn for måten Vestland fylkeskommune utøver eigarskap på:

- Fylkeskommunen skal vere ein ansvarleg og aktiv eigar som gir selskapa stabilitet og trygge rammer
- Fylkeskommunen utøver myndet sitt i eigarorganet til selskapet
- Fylkeskommunen fastset mål og rammer og overlèt deretter forvaltninga av selskapet til styret, i tråd med den rollefordelinga regelverket legg opp til.
- Styresamansetjinga skal bygge på rett kompetanse, mangfald og kapasitet, og arbeidet skal vere nøkternt men tilstrekkeleg honorert.
- Fylkeskommunen skal vere open om eigarskap og eigarskapsutøving
- Fylkeskommunen skal utøve eigarskap i tråd med eigne sektorpolitiske mål og tydeleggjere desse overfor selskapa
- Fylkeskommunen skal utøve eigarskap innanfor lowerket sine rammer og i tråd med forventningar til god forvaltningsskikk og allment støtta eigarstyringsprinsipp
- Fylkeskommunen skal bidra til likebehandling av aksjonærar

- Fylkeskommunen skal, der det kan oppstå interessekonflikt, skilje eigarrolla frå rolla som t.d. offentleg styresmakt.
- Fylkeskommunen skal ikkje gje selskap, som driv i konkurranse med andre selskap, urettmessige føremoner.

Vedlegg 3: Sentrale dokumenter og litteratur

Lov og forskrift

- Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova). LOV2018-06-22-83.
- Nærings- og fiskeridepartementet. Lov om aksjeselskap (aksjeloven). LOV-1997-06-13-44.

Forarbeid, rundskriv, rettleiarar mv.

- KS Folkevalgtprogram 2019-2023: Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll (2020). ISBN 978-82-93100-69-0.

Dokument frå fylkeskommunen

- Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2024 – del 1. Vedteken av fylkestinget 19.06.24 i sak 83/2024.
- Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2024 – del 2.
- Oversikt over fullmaktsbehov, datoar for gjennomføring av generalforsamling mm for aksjeselskap.
- Risikovurdering av administrativ oppfølging av eigarskap i Vestland fylkeskommune.
- Eigarstrategiar for Bybanen AS, Ferde AS og Skyttel AS.
- Brev til selskap 2024: Vestland fylkeskommune sine forventningar til selskapa fylkeskommune eig.
- Vedtekter for selskap innanfor infrastruktur- og kollektivtransportsegmentet.
- Innkallingar og protokollar frå generalforsamling 2022-2024 for selskap innanfor infrastruktur- og kollektivtransportsegmentet.
- Referat frå eigarmøte i selskap innanfor infrastruktur- og kollektivtransportsegmentet.
- Rapportering frå eigarrepresentant til fylkeskommunen i etterkant av gjennomførte generalforsamlingar i selskap innanfor infrastruktur- og kollektivtransportsegmentet.



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee (“DTTL”). DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL and Deloitte NSE LLP do not provide services to clients. Please see www.deloitte.com/about to learn more about our global network of member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte provides industry-leading audit and assurance, tax and legal, consulting, financial advisory, and risk advisory services to nearly 90% of the Fortune Global 500® and thousands of private companies. Our people deliver measurable and lasting results that help reinforce public trust in capital markets, enable clients to transform and thrive, and lead the way toward a stronger economy, a more equitable society, and a sustainable world. Building on its 175-plus year history, Deloitte spans more than 150 countries and territories. Learn how Deloitte’s approximately 460,000 people worldwide make an impact that matters at www.deloitte.com.